

Merknadsvurdering for innspel per 27.06.2019

Merknadsvurdering medverknadsmøte veke 23

Versjon 19.06.2019

Versjon 21.06.2019

Møte med kommuneadministrasjonen 21.06.2019

Versjon 23.06.2019

Versjon 26.06.2019

Versjon 26.06.2019b

Versjon 18.08.2019

Innhald

Liabygda	3
Stranda	5
Geiranger	28
Sunnylven	33


Liabygda

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
11.06.2019	Randi Overaa Knut Overaa Hildegunn Ansok Jostein Dalen Camilla Holebakk	<p>1 Ystehaugen på Overå Etter framlegg frå kommunen der dette lagt inn som turistformål. Det er ønskeleg å leggje det ut som framtidig fritids- og turistformål/bustad. Bustadformål knytt til eksisterande bustadfelt kan vere aktuelt. Framlegg om å leggje Yste Haugen som ei utviding av dagens bustadfelt frå vest og austover, men også kombinert med formål fritids- og turisme. Dersom det ikkje kan leggjast inn som kombinasjonsformål, kan arealet vest for toppunktet vere bustad og aust for toppunktet vere fritids- og turisme.</p> <p>2 Nytt bustadfelt B1 Kan ikkje sjå at løysinga er hensiktsmessig, det vil vere meir rasjonelt å leggje det i tilknytning til eksisterande byggefelt. Leggje det ovanfor dagens lunneplass som ei utviding av feltet Mehaugen. Skogen er fjerna, fin utsikt, passeleg helling og arealet ligg nær tilknytning til eksisterande infrastruktur.</p> <p>3 Næringsareal Liabygda har fantastisk utsikt og det bør gjerast grep for å stoppe noko av gjennomgangstrafikken. Trollbryggeriet spelar ei nøkkelrolle og områder frå bryggeriet og heilt inn til «Storskotet» kan vere aktuelt til slikt formål. Her er området nedanfor så bratt at skogen nedafor er lite hinder for utsikt. Ein kan også sjå føre seg eit samarbeid med Statens vegvesen om ein rasteplass. Mange stoppar i dag på Storskotet, noko som er ei trafikkfelle.</p> <p>4 Kraftutbygging Det har vore vurdert utbygging av Sæterelva på Overå til kraftproduksjon. Det er difor ønskeleg å leggje dette området ut til næringsareal/kraftproduksjon. Området er ikkje eigna til andre føremål.</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Framlegg om å leggje inn bustad og fritid-/turisme ved Yste Haugen. Rår til å nytte ulike formål, og sikre høgste punktet av Yste haugen som LNF (friluftsliv). Lagt inn etter møte 21.06.2019 som kombinasjonsformål 2. Rår til å nytte delar av ønska areal ovanfor Mehaugen til bustadareal. Med regulert areal, nytt areal ved Yste Haugen, vil truleg bustadarealet vere stetta i planperioden. Areal ovanfor Mehaugen teke ut etter møte 21.06.2019 3. Det er mykje areal som er lag ut til næring som ikkje er nytta. Rår berre til å utvide litt eksisterande areal på oversida av fylkesvegen. Areal på sørsida av fylkesvegen blir ikkje tilrådd teke med. Lagt inn etter møte 21.06.2019 areal nedanfor vegen 4. Rår til at det ikkje vert lagt inn utbyggingsareal for kraftverk. Det er lite inngrep i området og delar av området er registrert som naturtype kalkskog. Til eige bruk vil tiltaket vere i samsvar med formål LNF. Lagt inn etter møte 21.06.2019
12.06.2019	Hovudbruka på Lied	<ul style="list-style-type: none"> - Området sør for fylkesvegen frå Skagen og til gnr./bnr. 8/2 ved Storskotet bør vere uendra som LNF - Dei områda som låg inne i sist vedteken arealplan må vere med inn i den nye planen. I Liabakkane bør det vere kombinert formål bustad/hytte - Ved sjøen, nærast elva i Liabakkane bør det settast av område til både kraftstasjon og til turist/fritidsformål - Det er i ein tiårs periode nok bustadtomter, det er ikkje ønskeleg at det vert lagt ut bustadtomter på gnr./bnr. 8/3 som nemnt på folkemøte - Fleire tomter ved omsorgsbustaden bør gjerast om til høg utnytting med utleige av leilegheiter - Det bør tenkjast på å knyte saman skogsvegane med gangsti for barnevogn slik at dess kan nyttast når dei ikkje vert nytta til næring (Lied – Overå – Vollane, Lied-Ringset) - Vurdere innføring av 0-konsesjon 	<p>Det bør ikkje opnast for utbygging sør for fylkesvegen i dette området, det bør ikkje leggjast til rette for nye avkøyrslar. Utbyggingsareal nord for fylkesvegen bør ha tilkomst frå kommunevegen. Arealbruken frå KDP Liabygda blir vidareført. Legg inn eit område med fritid/turisme. Kraftstasjon kan liggje i LNF- formål dersom den er knytt til gardsdrift. Kraftverkstasjon med røyrgate og formål til fritid/turisme bør leggjast på minst kote 15 m, sikring mot Åknes. Bustadfeltet Mehaugen blir utvida mot nord og det blir lagt ut nytt areal vest for Yste Haugen. Bustadarealet skal vere stette med dette i planperioden. Teke ut etter møte 21.06.2019. Høgare utnytting i samband med regulering/ending av reguleringsplan. Knytte saman skogsvegane kan gjerast i LNF-formålet, ikkje behov for å markere i kart. Vurdere konsekvensar av slikt tiltak, spesielt opp mot den store mengde fritidsbustadar som alt er lagt ut i Liabygda.</p>


Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Jørund Ringset	Gnr./bnr. 5/1. Leggje inn området med formål fritid/turisme	Det vert ikkje rådd til å leggje inn meir areal til fritidsbustad/turisme, det store areal som alt ligg inne med fritidsbustad, også like ved dette området. Lagt inn etter møte 21.06.2019.
14.06.2019	Jens Erik Lied	Gnr./bnr. 8/2. Leggje inn område som formål fritid/turisme.	Det vert ikkje rådd til å leggje inn meir areal til fritidsbustad, det er store areal som alt ligg inne med fritidsbustad. Ikkje ønskeleg å leggje opp til ny avkøyning frå fylkesvegen. Delar av omsøkt areal ligg som fritidsbustad ved Liabakkane. Tilrådd å endre formål frå fritidsbustad til kombinasjonsformål fritidsbustad, fritid/turisme. Bør byggje på minst kote 15 m for opphald, jamfør Åknes.
24.06.2019	Liabygda vassverk	Liabygda vassverk er opptekne av å sikre god vasstilførsel og god vasskvalitet til Liabygda og er avhengig av å sikre vasskjeldene mot alle former for forureiningsfare. I gjeldande KDP Liabygda er nedbørsfeltet til Ekreelva og Ringsetelva med tilhøyrande vasskjelder sikra med omsynssone og eigne føresegn. Liabygda Vassverk føreset at dette vert vidareført i arealdelen.	Drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt blir bandlagt med omsynssone og føresegn.
25.06.2019	Stordal IL Langrenn v/Erik Røkke	Det er Liabygda IL og Stordal IL som er partar i Stavsengfjellet skisenter. Lysløypa og det regionale hoppanlegget i Fjellbakken på Stavsengfjellet har stor aktivitet om vinteren. Parkeringsareala ligg på begge sider av fylkesvegen og kryssing av gåande er ei potensiell risiko for trafikktryggleiken. Det er ønskeleg å leggje til rette for planfri kryssing for å ta vare på aktiviteten på ein trygg måte. Det er vidare ønskeleg å sikre lysløypa med formål idrettsanlegg i arealplanen for å unngå interessekonfliktar og for å halde moglegheita open for meir sommar aktivitet, mogleg rulleskiløype. Det er konkrete planar om rulleskiløype som vil medføre vesentleg auka sommaraktivitet som potensielt kan vere i konflikt med skytebaneanlegget, og difor viktig å få med som overordna formål idrettsanlegg. Langrennskomiteen for Møre og Romsdal skikrets arbeidar med å realisere rulleskiløype på Stavsengfjellet. Dette arbeidet er forankra hjå Norges Skiforbund som ser at området manglar eit slikt anlegg for rekruttering og det er ønskeleg å få etablert eit slikt anlegg i dette området, både med tanke på rekrutteringsgrunnlaget og Stranda vid. skule si idrettsline.	Det blir lagt inn gang- og sykkelveg som kryssar fylkesvegen (bru). Trase for lysløype er lagt inn med formål idrettsanlegg etter innspel frå administrasjonen.

Stranda

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
22.010.2018	Håvard Edvardsen	Gnr./bnr. 48/37 Det er ønskeleg å inkludere teigen på Bergesetra til fritidsbusetnad. Teigen ligg midt i etablert hyttefelt, det er alt veg langs tomtegrensa på nordsida. Øvre del av teigen blir brukt som parkeringsplass for hytteeigarar i området. Det er i tillegg planlagt veg sør for teigen. Vatn, straum og avløp er truleg lagt til rette for i samband med eksisterande hyttefelt, dette vil gje små inngrep i naturen ved tilknytning til kommunalt leiðningsnett. Teigen er 4,2 daa utmark som ei holrom i hyttefeltet. Formålet med å inkludere teigen i arealplanen er å endra arealbruken til hyttetomter. Sidan området delvis er rasutsett er det nedste del av arealet som eventuelt kan nyttast til ei eller tom hytter. Tanken er å selje til utbyggjar. Sidan eigarane av skisenteret skal utvikle dette området er det naturleg å inkludere teigen.	I framlegg til ny arealbruk for området ligg teigen med arealbruk løype og fritidsbustad.
04.06.2019	Reidar Lunde	Det må byggjast cruisekai. Leggje om vegen ovanfor drikkevasskjelde. Store mengder av salt og drit sig ned i drikkevattnet, der reinsing ikkje tek det opp. Skyte vekk fjellknausar og leggje vegen høgare opp og lage grøft som tek overflatevatnet nedanfor inntaket. Få på kartet hyttetomter ned frå Ringstadsætra mot Storgjerdet (Flott utsikt) Skitrekk frå Storgjerdet opp til Småvarane med ned køyring til Gandalen.	Areal til ny cruisekai ved Stranda sentrum blir omtalt i plandokumenta. Alternativt kan det byggjast grøfter langs vegen som fører vegvatnet nedanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelda. Det er store arealreservar for hytte ved Stranda fjellet. Bør ikkje leggje ut meir hytteområde i dette området før eventuelt neste planperiode. Det er lagt inn nytt skitrekk frå Langlo opp mot Skjerdingbotnen.
05.06.2019	Ola Ødegård	Innteikna nytt bustadområde på Ødegård, B-2 1 er eit godt framlegg, men med vegutløyising frå Haslevegen og ikkje Jakobvegen. Området ligg ovanfor eksisterande skogsveg i beitet og vil ikkje hindre tilkomst til utmarka for dyr og for skogsdrift. Bustadområde B-2- på Ødegård er ikkje eit godt framlegg. Dette vil blokkere tilgangen til utmarka, som ein er avhengig av for å få dyra på utmarksbeite og til skogsdrift. Så lenge dette er eit bruk i drift må ein vente med dette arealet. Nedre del av vert nytta til sommarbeite for årskalvane.	Området ligg inntil areal innanfor kjerneområde landbruk. Beite vil vere ein viktig del av gardsdrifta. Rår til å ta ut området B2-2 til bustadområde. Tilkomst til B2-1 kan stettast via Haslevegen/Jakobvegen. Vurdere ny tilkomst frå vest frå desse vegane også. Auka trafikk gjennom alt etablerte bustadfelt vil vere utfordrande. Det er ny tilkomst frå vest frå desse vegane også. Auka trafikk gjennom alt etablerte bustadfelt vil vere utfordrande. Lagt inn etter møte 21.06.2019, vurdere rekkjefølgjeføresegn utbygging etter B3.
06.06.2019	Magnus Valland Hege Foerster Vilje Valland Signe Valland	Eigar av gnr./bnr. 53/273, fritidsbustad. I framlegg til arealdelen ligg eigedomen som alpinanlegg, som i gjeldande plan frå 2007. I gjeldande plan trudde ein at eigedomen må nyttast til bygging av den nye gondolen, noko som ikkje var naudsynt. No i ettertid ser ein at eigedomen ikkje kan nyttast til alpintrase, grunna den låge høgda for gondolane som passerer vinterstid. Trase mot aust vil gjere den grønne korridoren som går der utrygg for dei mange brukarane vinterstid. Eigedomen vil vere ein naturleg buffer mot at skikøyrar hamnar ned mot gondolgarasjen og mot påstigingsområdet. Skikøyrar i dette området er sterkt uønskt på grunn tryggleik og krav til slike område. Alternativet er ei sperring /gjerde kring bytet mot nordvest på eigedomen, noko som vil skade det estetiske i høve bjørkeskogen som er der no. Når eigedomen no etter 12 år ennå ikkje er innløynt, og med bakgrunn i det nemnde, er det ønskeleg med ei avklaring på dette og at eigedomen vert endra til å liggje som fritidsbustad i den nye arealplanen. Det er ønskeleg med dialog med kommunen og skisenteret for avklaring.	Arealdelen er noko grovmaska for å avklare enkelt hytter. Avklaring for bruken av eigedomen bør skje gjennom reguleringsplan, området er ikkje regulert. Det vert ikkje rådd til å endre arealbruken i arealplanen i dette området.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
10.06.2019	Helge Opsvik	<p>Karta som er tilgjengeleg er så grovt utforma at det er ikkje mogleg å sjå nøyaktig kva eigedomar som blir råka og i kor stor grad dei blir råka. Stranda kommune bør informere råka grunneigarar på ein betre måte, spesielt i dei tilfella det kan sjå ut som areal som alt er regulert til hyttetomter, i den nye arealplanen blir bandlagt til turløyper. Truleg vil det medføre store kostnader for Stranda kommune dersom arealplanen blir vedteken, både innløyasing av grunn og opparbeiding av teknisk infrastruktur fram til råka hytter. Det må leggjast til grunn om utarbeiding av arealplan også må vurderast om den medfører så store økonomiske konsekvensar at den på sikt ikkje kan eller vil bli gjennomført.</p> <p>Pkt. 1 Dette gjeld tomtene gnr./bnr. 52/389, 388, 387 og kanskje 418. Her blir attraktive hyttetomter beslaglagt der det alt er opparbeidd felles privat veg og felles anlegg for vatn/avløp. Dersom det er tenkt å nytte opparbeidd tilkomstveg opp vegen til Ringstadsætra er det vanskeleg då vegen er brøyt om vinteren og det er ofte høge brøytekantar, og vil difor eigne seg dårleg til løype. Skal løype leggjast aust for vegen vil dette medføre at endå meir areal frå alt godkjente hyttepunkt må ervervast. Framlegg om å leggjje turløype som punkt 3 i vedlagt skisse, alternativt som sommarløype som vest for punkt 2, som kan leggjast utanom/inntil gnr./bnr. 52/387 og 388, som burde vere ei betre løysing for alle partar.</p> <p>Pkt. 2 Dette er ei løype som blir nytta i dag. Som sommarløype fungerer den godt, men om vinteren skapar dette mange problem. Løypa er altfor bratt i nedste del, for stor fart ved sving mot aust. Som sommarløype er den grei nok, men bør leggjast litt lenger mot vest slik at den plasserast utanom /inntil tomtegrensene for gnr./bnr. 52/387 og 388. Bruk av denne løysinga medfører i dag mange farlege trafikksituasjonar fordi trakkemaskina og turgåarar/skiløparar må gjennom krysset mellom Økslevegen og Ringstadsætra. Krysset har stor trafikk og er til tider uoversiktleg på grunn av høge brøytekantar, vegen er bratt og bilar kjem skliane nedover utan kontroll, skiløparar skliar rett inn frå løypa, der det er familiar med små barn. Medfører farlege situasjonar.</p> <p>Pkt. 3 Detter vil gje ei betre løype der skiløparane får avgrensa fart då løype har liten stigning. Vegen er breiare og meir oversiktleg for alle trafikantar, betre plass, raskare kryssing for turgåarar/skiløparar og trakkemaskin. Andre framlegg kan vere kulvert eller bru, men vil medføre store kostnader som gjer at det ikkje kan gjennomførast med det første. Alt 3 er ei god alternativ som bør vurderast og er det beste alternativet når det gjeld gode løyper, tryggleik og økonomi.</p> <p>Punkt 4 Dette kan gje ei god løysing men vil sannsynlegvis skape utfordringar når kryssing skal utførast opp mot eksisterande langrennsløype fordi vegskjering er bratt/stor høgdeforskjell mellom veg og eksisterande turløype.</p>	<p>Løypenett og turvegar mo vurderast opp mot blant anna eksisterande vegar og hytter/tomter. Det blir rådd til å leggjje om løypenettet i dette området slik at det ikkje kjem i særleg konflikt med frådeltte hytteomter. Løype frå aust bør følgje vegen til den kjem i kontakt med løype frå vest. Løype frå søraust bør følgje alternativ 3 under, alterntivt 4, der vestleg del av trasen følgjer regulert veg.</p> 

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
11.06.2019	Kari og Asgeir Flataker	<p>Gnr./bnr. 46/47. Positivt at kommunen legg opp til fritidsføremål i områda ved Fursetreset. Områda nær Resvegen har flat eller slak tilkomst og eksisterande køyrevegar kan nyttast saman med korte strekk av ny veg, noko som gjev små inngrep ved utbygging. I tillegg vil det vere kort avstand til teknisk infrastruktur når reguleringsplanar som er godkjende per i dag er realiserte.</p> <p>Positivt at løypetrasen vert lagt inn i arealdelen for å sikre denne kvaliteten blir teke vare på. Men slik løypetrasen er teikna inn, ligg den i praksis i opparbeidd køyre veg (Myrvegen) i ei strekning på om lag 100 m og blokkerer for køyrbar tilkomst vinterstid til eksisterande og framtidige hytter langs Myrvegen.</p> <p>Det er ønskeleg med vinterbrøytte vegar, mellom anna for beredskap. Kjem med framlegg om justere løypetrasen noko mot nord, i tråd med gjeldande arealdel. Ei slik løysing vil gje brøytbar tilkomst til eksisterande og framtidige tomter i området.</p> <p>Det er positivt at storleiken av tomter og fritidsbustadar blir avgrensa, noko som er i samsvar med trenden i dag. I desse sentrale områda bør ein gjerne avgrensa tomtestorleiken til rundt 400 – 900 m².</p>	<p>Det vert tilrådd å justere løypetrasen i samsvar med innspel for å unngå konflikt med utbyggingsareal og vegar (beredskap). Tomtestorleiken vil bli vurdert i arealdelen.</p>
12.06.2019	Eva Habostad	<p>Innspel på vegne av Langlo grunneigarlag:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det må takast omsyn til mogleg framtidig hyttebusetnad over Langlo. • Deet vil om nokre år blir hensiktsmessig å ta ut skog over Langlo. Framtidig skogsveg for uttak av tømmer er innteikna i raudt. (omtrentleg trase) • Veggen utover Langlofonna må i framtida kunne vere tilgjengeleg for brøyting vinterstid. Dette må også takast omsyn til med ei eventuell kryssing av eksisterande løye (catwalk) • Langlomarkane, tidlegare skriv til kommunen. Grunneigarlaget har diskutert utnyttinga av jordbruksarealet på Langlo og det er stor semje om at ein ikkje er nøgd med at dette arealet skal vere sett av til jordbruk og delvis bandlagt til jordbruk. Grunnar for endring: <ul style="list-style-type: none"> • Det er ingen som driv jordbruk på Langlo • Det er dårleg arrondering, små teigar • Areal ligg midt i eit stort bustadområde, konflikta gjødsling • Området ligg nært skule, barnehage, idrettshall, butikk og omsorgssenter • Området er flatt og byggjevenleg • Området er eigna til seniorbustadar og grønne lunger i samanheng med elveløp • Nedfarta frå Roalden gjer området godt eigna for både fritids/utleigebustadar og parkering. <p>Ein finn det urimeleg at grunneigarane ikkje sjølv skal kunne få inntekter av jorda.</p>	<p>Arealet over Langlo blir vidareført som LNF med turløype. Det bør ikkje leggjast ut meir areal til fritidsbusetnad i perioden, det er store arealressursar tilgjengelege. Skog på delar av dette området er med på å hindre fare for snøskred, jamfør nyleg gjennomført skredvurdering for gang- og sykkelveg Sløgstadmarka.</p> <p>Vegar til landbruksdrift kan byggjast innanfor LNF-formålet, etter samla plan for skogsbilveggar i Stranda kommune, er det langt inn skogsbilvegtrase overfor Langlo.</p> <p>Privat, avklarast med grunneigarane. Mogleg konflikt med skiløype? Det er ikkje ønskeleg å nytte landbruksjord til utbygging. Arealet kan nyttast som tilleggsjord for bruk i drift. Området ligg inntil/ved kjerneområde landbruk. Alternativ bruk kan vere beite, som kan gje mindre konflikta i området.</p>
12.06.2019	Ola Ødegård	<p>Det er laga gangveg langs elva frå Meieribakken og fram til der elva deler seg. Ein gangveg vidare på austsida av Langloelva opp til Langlovegen vil verte ein fin turveg og eit godt trafikksikringstiltak, veg Meieribakken – Langlo3 /Jakobfeltet. Ei gangbru over Langloelva nedst vil gje gangveg fram til skulane. Kan kanskje unngå skråkryssing av dyrkamark.</p>	<p>Det blir rådd til å leggje inn gang- og sykkelveg/turløype aust for Langloelva ned til bygd veg. Trafikktryggingstiltak og tilrettelegging turvegnett mellom Alperittløypa og sentrum.</p>
13.06.2019	Jens A Ødegård	<p>Gnr./bnr. 50/3. Marka nord for løa vert ikkje driven. Dette arealet er eigna for bustadformål.</p>	<p>Areal med dårleg arrondering, og ligg inntil eksisterande bustadområde. Liten potensiell konflikt med landbruksdrift. Om lag 4 daa. Må sikre areal til eventuell framtidig veg mot aust. Tilrådd omdisponering til bustad.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
13.06.2019	Stig Opsvik og Einar Opsvik	<p>Gnr./bnr. 52/387 og 388</p> <p>Tolkar plankartet at det ligg framlegg om turløype som startar i nordvestre hjørna av tomt bnr. 387, buer vidare mot sør over underteikna si tomt, før den går inn i bratt nedfart sørover for bnr. 388, der framlegg til løype svingar 90 grader austover på sørsida av hyttetomtene. Dette er ei lite eigna løysing, med openberre ulemper:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Unødvendig inngrep i utskilte hyttetomter, det er ledig areal på vestsida av tomtene • Løysing som gjer at turløypenettet ikkje heng saman • Skigåarar må forsere krysset mellom Økslevegen og Ringstadsætra som medfører unødvendig fare, spesielt Økslevegen er bratt og uoversiktleg med høge brøytekantar • Turløype på austsida av vegen vil vidare etter svingen over bnr. 387 ha bratt nedfart og ende i 90 graders sving nedanfor bnr. 388. Dette er krevjande for eldre og barn. <p>Det finns ei enkel løysing til beste for alle partar – trekkje trasen vestover.</p> <p>To alternativ, leggje turløype i regulert men ikkje bygd veg, alt A eller trekkje den ligg lenger mot nord, alt B.</p> <p>Føremonane med begge løysingane vil vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjem ikkje i konflikt med tomter • Slakare trase som elles i trasen • Turgåarar slepp å krysse vegkrysset Økslevegen og Ringdalssætra • Langt betre samanheng mellom turnett og trakka løyper på vest- og austsida av Ringstadsætra vegen. <p>Alt. A vil truleg vere det beste for underteikna.</p> <p>Det er også framlegg om å leggje turveg over to andre tomter gnr./bnr. 52/389 og 418. Også for desse vil det by på utfordringar og kostandar, samtidig som det er enkel løysing – nytte enten alt. A eller B.</p>	<p>Det blir rådd til å leggje om turløpene til alt A, slik at dei ikkje kjem i konflikt med frådelele tomter.</p> 
13.06.2019	Stranda sokneråd	<p>Stranda sokn eig saman med fire andre eigedomen «Bjørkheim/Djupholsplassen», gnr./bnr. 18/5. Dei andre eigarane er Stranda Helselag, Det norske misjonsselskap, Ytre Sjømannsmisjon, Sjømannskirken og Indre Sjømannsmisjon. Arealet er om lag 11 daa og noko er dyrka mark, noko skog eller kratt. Arealet er sett av til LNF. Det har vore forsøk på avhending av eigedomen, men har ikkje lukkast. Kommunen rådde til å vente til rullering av kommuneplanen sin arealdel.</p> <p>Stranda sokneråd gjorde i møte 12.06.2019 vedtak om å kome med innspel til arealplanen. Det er ønskeleg at tomta blir lagt ut til bustadformål. Det ligg fint til rette å knyte arealet til eksisterande bustadområde.</p>	<p>Jamfør gardskart ligg arealet som ikkje er dyrka som dyrkbart. Det vert ikkje tilrådd å omdisponere areal på 18/5, då det er dyrka/dyrkbar jord, og ligg ved eit større samanhengande landbruksareal i drift.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
13.06.2019	Bjørn Petter Ringstad	<p>Stølsområdet Ringstadsætra er i eksisterande plan freda. Delar av området er populært, ope og luftig brukt til skileik. Der kan ein slå seg ned i skråninga med utsikt over Strandsalalen og la ungane leike i den slake skråninga utan å kome for nært inn på hytt bustaden. I forståing med grunneigarane har ein dei siste 20 år halde nede skogen, slik at området framleis har sitt særpreg. Dette er eit av dei finaste partia på skiløypa i denne delen av Hevsdalen, i eit område der skiløypa ikkje går anten i skog eller tett innpå hyttene.</p> <p>Om ein skal behalde nokon av dei opphavlege grøne lungene og opne områda for å oppretthalde kvaliteten på Strandafjellet, er dette det siste store området ein har igjen i denne delen av Hevsdalen.</p> <p>Underteikna har hytte i området og tre ubygde tomter. Heile innringa området bør behalde sin noverande karakter, sjølv om ikkje alle grunneigarane deler dette synspunktet.</p>	<p>Delar av stølsområdet blir vidareført som KDP Hevsdalen, med restriksjonar på korleis området kan byggjast ut. Lagt inn md omsynssone kulturmiljø med retningsline.</p>
13.06.2019	Jan Roar Skarbø	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gnr./bnr. 52/33 På tomte er det ønskeleg å etablere leilegheitsbygg, kombinasjon sjølveigar og utleigeleilegheiter. Det er i dag tre utleigeleilegheiter i eksisterande bygg. Tomta har god beliggenheit og solforhold som gjer den brukande til fortetting. Sentralt ved omsorgssenteret, med tilkomst frå både Fagerlivegen og Nymarkvegen. 2. Gnr./bnr. 16/8 Vassetvatnet Det er ønskeleg å etablere fritidsbustadar i eit alt delvis regulert område. Gamle stølsområdet er det aktuelt i nær framtid å byggje fritidsbustadar. Dette kan sjåast på som tilleggsnæring til landbruket i området. 3. Gnr./bnr. 16/1 og 15/2 Delar av området er regulert til naust. Det vart tidlegare gjort ein feil der 16/1 vart gløymt under reguleringsprosessen. Naustet på 16/1 vart total skadd under nyttårsorkanen 1991, og er tenkt oppført med det første. 4. Gnr./bnr. 16/1 Hessgjerde Dette området eignar seg til fritidsbustadar for sal og utleige. Området har fantastisk ordutsikt og har ikkje vore i bruk på 50 år. Det er regulert bustadområde i nærleiken, så infrastrukturen vil verte bygd ut i området. 5. Det må vere eit mål å få fleire unge og rørslehemma i meir aktivitet og bruk av naturen. Det bør leggjast til rette for vinteraktivitetsløyper der ein også kan ferdast med snøskuter. Dagens snøskuterar støysvake og kjem i som elektriske. Andre stadar har det synt at dette trekkjer fleire til kommunen, det er eit mål å vere både ei hyttekommune og turistkommune. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gnr./bnr. 52/33 ligg med formål bustad i gjeldande overordna plan. Tomta er ikkje regulert. Korleis tomte skal utnyttast må avklarast i samband med regulering. 2. Rår til at eksisterande hyttefelt kan utvidast mot sør og aust Utviding av eksisterande hyttefelt. Sjølve stølsområdet bør ikkje byggjast ut. 3. Det blir lagt inn naustformål på del av 16/1 som ligg ved gnr./bnr. 15/8. Det har vore naust frå før og det ligg inntil naustområde. 4. Det blir ikkje rådd til å leggje ut nytt område for fritidsbustadar. Potensiell konflikt med landbruket i området. Generelt bør det leggjast opp til fortetting og utviding av eksisterande hytteområde. 5. Det er ikkje ønskeleg å leggje opp til motorisert ferdsel/snøskuterløyper i denne planperioden.
13.06.2019	Ola Drege	<p>Gnr./bnr. 45/1. Usikker på om tomte er lagt ut som kombinasjonstomt bustad/fritid, då kartet er vanskeleg å tyde.</p> <p>Tomte blir mest brukt til deponi/stein og parkering av gravemaskiner, plassering av containrar, utan at underteikna er spurt. Estetisk er ikkje dette tenleg då det ligg ved innkøyringa til heile hyttefeltet på denne sida av dalen. Positivt til arealplanen og har ikkje merknadar til at arealet blir sett av til hyttetomt. Ved nordre hjørne på tomte går den gamle setervegen. Det er særst viktig at denne vert oppretthalden, då kommunen sin reguleringsplan er noko uklar med omsyn til vegløyning i området. Det er ønskeleg at setervegen ligg urørd i 3 m breidd og tuftande grøfter som tidlegare.</p>	<p>Del av 45/1 som ligg i Hevsdalen har formål idrettsanlegg i kommunedelplanen og skianlegg i reguleringsplanen. I framlegg til arealdel har den formål fritidsbusetnad. Før tomte kan byggjast ut er det krav om regulering, då kan ein eventuelt sikre setervegen.</p> <p>Bruken av tomte må avklarast med eigar av tomte.</p>
13.06.2019	BA plan	<p>Ber om at planområdet for Lien hyttegrend blir teke inn i kommuneplanen sin arealdel.</p>	<p>Planområdet til Lien hyttegrend blir teke inn som areal sett av til fritidsbusetnad.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
13.06.2019	Stranda Rotaryklubb	<ol style="list-style-type: none"> 1. Del av parkeringsområdet framfor Pilgården må endrast til park/torg og service for småbåtar. 2. Det må settast av område ved Byrg til bilar/bubilar/bussar 3. Det må byggjast kai-promenade frå Byrg langs kaia til Storelva, med forlenging av elvepromenaden langs Storelva nord til gamle Ousbrua, over den og langs elva si sørside. 4. Det blir byggjast småbåthamn og gjestehamn framfor Pilgarden, i samband med bygginga djupvasskai i retning Ous-hammaren. 5. Det bør søkjast om at Stranda kan få status turiststad og halde søndagsopent. Det byggjast sti/trapp frå campingplassen til utsiktspunkt Hagekleiva 	Alle desse tiltaka ligg innanfor områdeplan Stranda, som skal gjelde føre arealdelen Det blir difor ikkje lagt inn ny arealbruk. Innspelet blir teke til vitande.
13.06.2019	Per Arne Vinje	Gnr./bnr. 52/302 Ønskjer å omdisponere frå LNF til fritidsbusetnad for to hytter.	Området ligg mellom areal sett av til fritidsbusetnad, tomte er delt frå til fritidsbusetnad. Arealet ligg som fritidsbustad i arealplanen.
13.06.2019	Sjur Ringstad	Ønskjer at del av gnr./bnr. 26/3 og 27/3 blir lagt inn som hytteområde.	Ikkje ønskeleg å leggje ut nye frittliggande hytteområde i dette.
14.06.2019	Kjartan Furset m. fl.	<p>Vil påpeike at innspelet ikkje gjeld areal alt nytta til skiformål, men det som er nytt i planframlegget.</p> <p>Dei nye områda sett av til heis og trasear er viktige område for gardane på Furset og Engeset. Å drive gard berre med innmark er ikkje mogleg, og alle gardane som har dyr er avhengig av beite område der dyra også kan vere noko verna mot andre interesser som til dømes fritidsbustadar.</p> <p>Dette er noko av dei finaste frikøyringsareal ved skisenteret, noko som Stranda er kjent for i heile Noreg, og godt utanfor landegrensene. Dagar når det tilhøva er dei rette, er det mange skikøyrar som renn ned gjennom skogane, over markane og til med gjennom tuna i nokre tilfelle. Har ikkje noko mot denne trafikken, men synes tvert imot at det er flott at gjestar i skisenteret set pris på og brukar desse areala til frikøyning. I viktige LNF område som desse er frikøyning ein flott utnytting av dette arealet, sidan det lar seg kombinere med landbruk og skogbruk utan konflikstar. Utvikling av låg intensitet sommaraktivitet som turstiar og sykkelløyper er ein også veldig opne for. Det er meldt av vi vil bidra til å kartlegge ei eksisterande råsene i området for å støtte arbeidet med slike planar til felles glede og nytte. Problemet for framtida er å felle skogen for traser og byggje skiheiser i dette området. Med heis kjem også hytteutbygging og vegar og anna. Arealet vil då blir øydelagde for landbruket, så vel som frikøyning og turgåarar.</p> <p>I samfunnsplanen uttrykkjer Stranda kommune at reiselivet og turisme er eit viktig satsingsområde og ein reknar med at det er dette som ligg bak framlegget. Samtidig ser ein også at kommunen anerkjenner problem med lønnsemd og fornying i landbruket.</p> <p>Det ein ikkje klarer å sjå er at det skal vere konflikt mellom landbruk og reiseliv. Om ein ser trendane i samfunnet, både blant bebuarar og kanskje spesielt turistar, er det stadig aukande fokus på unike lokale opplevingar, ofte rundt lokale mat og drikketradisjonar med sunn og kortreist mat. Lokale døme er paviljongen på Roalden, som har fått positive tilbakemeldingar frå gjestar som vi har husa, også lokale småprodusentar.</p> <p>Initiativet Smaken av Sunnmøre, nytt tilbod der organiserte turar har natur, opplevingar og lokale mat og drikketradisjonar som kjerne. Dette er støtta av offentleg mynde, og nyttar både store og små aktørar innan reiseliv, mat og drikketradisjon på Stranda og nabobygdene. To av dei fire gardane som er med som leverandørar så vel som besøksgardar ligg på Furset og Engeset. Dette er glimrande døme på korleis reiseliv og landbruk kan</p>	Teke til vitande.

		<p>utviklast og leggje igjen større verdiar lokalt. Det kan skape nye arbeidsplassar for unge entreprenørar og gjere landbruket og areala dei treng til ein hjørnestein av opplevingar til dei som gjestar Stranda. Ny brukarar har flytta til Stranda og Furset, som investerer og er interessert i denne kombinasjonen av landbruk og reiseliv.</p> <p>Når vi ser trendane i samfunn og reiseliv saman med kvalitetane lokale gardar kan levere, er det lite framtidsretta av Stranda kommune å ignorere alt dette og sette så mykje fokus på hytteutbygging og andre store naturinngrep (Fursetøyane næringspark), som vil gjere landbruk vanskeleg eller reint fram umogleg for dei aktive bruka her.</p> <p>Om vidare hytteutbygging verkeleg er den einaste planen for utvikling av reiseliv kommunen ser for seg i bygda Stranda, er det til dømes areal rund Roalden, der dei fleste bruka som eig har vore nedlagd i lang tid. I fall delar av desse areala skulle såleis kunne omdisponerast til anna bruk enn LNF utan noko konflikt, kanskje heller med full støtte frå eigarane i området. Konkret punkt rundt utfordringar ved framlegg til planen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Områda som ligg øvst i arealet er bratte og skogen i området viser til dels store spor av stor snøtyngde. Opne skitrasar og heiser her meiner vi må vere risiko i høve ras. Reknar ikkje med at rasa vil verre nokon trugsel for hus og innbuarar på gardane, men for folk som ferdast i området og hytteigarar. Skred bør utgreiast nøye før vidare utviding av hyttebyen i området. 2. To av dei planlagde traseane og 2 heiser er planlagt heilt ned til/på dyrka mark og tun på Furset. Ein ting er trafikken dette vil gje, noko anna er at dette ligg så lågt som 180 moh. Skisenteret er avhengig av snøkanonar for å halde sesongen så lang som den er i Hevsdalen 400 – 1200 moh i dag. Korleis skal ein halde traser og trekk ned til 180 moh opne lenge nok til at dei blir lønsame? 	
14.06.2019	Anne Lise Lunde	<p>Då byggefeltet på Øvre Kjølsås vart etablert vart det ikkje teke høgde for den auke det ville bli med trafikk på dei to kommunale tilkomstvegane opp frå Bygdavegen. Dei to avkøyringane frå Bygdavegen som er Kjølåsvegen og Lundevegen har svært store utfordringar på vinterstid p.g.a. stor stigning og berre ei køyrebane. Innkøyringa på Bygdavegen frå Kjølåsvegen er trafikkfarleg på grunn av dårleg sikt. Det bør leggjast inn ny tilkomst som ligg naturleg til gjennom gnr./bnr. 21/2 og 4.</p> <p>Giskehaug Eit område på Giskehaug gnr. 19 ovanfor Bygdavegen og ovanfor dyrka mark bør vurderast som nytt område for bustadar.</p> <p>Utviding bustad Helsemvika Langs vestsida av vegen Nerkleiva bør det vurderast å leggje ut nye bustadtomter. Det er veg, vatn og avløp i området.</p>	<p>Det er lagt inn ny vegtrase om lag som ønska, traseen ligg litt lenger mot vest.</p> <p>Det blir ikkje tilrådd å leggje til rette for nytt bustadområde på Giskehaug, vil vere med å punktere eit stort samanhengande LNMF-areal. Heller vurdere å leggje ut nye tomter ved Øvre Kjølsås</p> <p>Omsøkt areal er dyrka/dyrkbart, bør ikkje byggje ned dyrka jord. Ikkje tilrådd</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Kjartan Furset	<p>Stølar Det er 4 stølar i Hevsdalen som alle er verna av fylkeskonservatoren. Desse er markert skravert/brunt i utsnitt frå kommunedelplanen 2007. Alle er fjerna i framlegget til arealplanen og ligg i staden som eksisterande areal for fritidsbustadar. Er dette planen til kommunen eller ein feil i planframlegget? Å fjerne fredinga av støylar er ikkje ønskeleg, og dette må vel også avklarast/godkjennast av fylkeskonservatoren?</p> <p>Hytteområde S1-S3 Felta S1-S3 som er regulert til hytter i kommunedelplanen for Hevsdalen 2007 er teke ut. Er dette planen eller er det feil i planframlegget? Dette skulle vere attraktive område for utvikling av fritidsbustadar.</p> <p>Areal for sommar aktivitetar Ei av utfordringane som utleigar av hytter i Hevsdalen, er mangelen på aktivitetar for folk som er der om sommaren. Dessverre ber dalen sterkt preg av at det er eit skisenter i dvale over sommaren. Det er relativt store område som er sett av som framtidig idrettsanlegg, men mykje av dette er stort sett skitrasear for vinterbruk. Eg håpar at det også blir lagt planar for sommarbruk av desse? Det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på nye skitrasear i Hevsdalen med omland, men vil oppfordre kommunen å gjere det same med fleire interessegrupper (utleigarar, utbyggjarar, andre reiselivsinteresser, grunneigarar, skisenteret) med mål så sjå tilbodet og aktivitetar for gjestar også om sommaren.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Alle skitraseane kan sjølvsagt brukast som turstiar og sykkelløyper, men det bør planleggjast kvar gåande og syklande skal ferdast. Det er eit vanleg problem med konflikter mellom gåande og off-road sykkelistar. Om det ligg nokre føringar for å unngå dett, kan vi hjelpe/sikre at alle trivast. 2. Område for barn/familiar som kanskje treng litt meir infrastruktur og aktivitetar er meir konsentrert. Dette kan vere grillplassar, fiske og badeplassar i elva, terrengsykkelpark, klatrepark/område, tradisjonelle leikeplassar, sykkelutleige, rideturar osv. Detaljar på kva er ikkje tema i denne omgangen, men å sette av både friareal og areal for slike aktivitetar som kanskje treng å byggje noko infrastruktur, er viktig å få med i denne prosessen. 3. Spesielt viktig er å planlegge desse areala slik at barn og familiar kan nå dei til fots på ein trygg måte frå dei forskjellige hyttefelt. Eventuelt ha areal/tilbod fleire stadar. Her er stiar/vegar og kryssingar, spesielt riksvegen særskilt viktig for tryggleiken til gjestane våre. 	<p>Det er lagt inn bandlegging av tre stølsområde, Ringstadsætra, Berge og Hevsdalsstølen. Vidareføring frå KDP Hevsdalen.</p> <p>Felta S1-S3 skal vere med i arealplanen, misforståing at dei ikkje vart med til medverknadsmøta. Etter møte 21.06.2019 med administrasjon er det lagt inn nytt område for fritidsbustad nord for S3.</p> <p>På grunn av detaljnivået i arealdelen er det utfordrande å sikre areal til aktivitetar. Det blir krav om å setje av areal til aktivitetar i samband med regulering av fritidsbustadar, saman med trygge snarvegar, turvegar og turløyper.</p>
14.06.2019	Knut Jarle Helsem	Gnr./bnr. 18/2 Ønskeleg å omdisponere LNF til bustadformål.	Begge områda er dyrka mark, eine del av samanhengande større dyrka areal. Bør ikkje omdisponerast.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Kjartan Furset	<p>Nye fritidsbustadar</p> <p>Den planlagde utviklinga av fritidsbustadar ser ut til å vere konsentrert på eigedomen gnr./bnr. 46/2. Heller store areal langt unna eksisterande hyttefelt er markert som eksisterande areal. Det er ikkje tilfelle, mykje at det ligg som LNF, samstundes er areal som alt er lagt ut til hytte merka som nye område.</p> <p>Som grunneigar kan eg sjå framlegget på to måtar. Eg kan takke kommunen for å stå fritt til å selje unna eller utvikle brorparten av skogsområda på garden til hytter, og sikkert tene nok til å pensjonere seg i nær framtid.</p> <p>Men det var ikkje for å bli hyttebaron underteikna flytta heim til Stranda for over eitt år sia, men for å drive gard og reiseliv. Garden er i oppbyggingsfase med lite drift no, men bandlegginga for så utstrekt utbygging av hytter vil gjere det vanskeleg å drive garden i framtida. Det er basert på desse planane som avgjer kor mykje det kan investerast no. To døme:</p>	<p>Arealbruken er korrigert i høve nytt og eksisterande areal.</p>
14.06.2019	Kjartan Furset	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dei nye hytteareala ligg heilt ned til dyrka mark og dekkjer til dømes skogsområde som er tenkt å dyrke opp (delar av BFR6), sidan dette er framlegg til hytter, vil ein då bli nekta å dyrke opp? 2. Dei tradisjonelle beiteområda til garden var i Hevsdalen, men dei områder er no alt bygd ut med hytter, som gjer at Hevsdalen ikkje lenger er eigna for beite. Er difor avhengig av å utvikle skogsområda som er planlagt til hytter til produktive beiteareal som ei erstatning for dei som alt er nytta til hytter. 3. BFR6 og delar av BFR5 ligg innafor inngjerda heime/innmarksbeite. <p>Samfunnsutvikling for alle</p> <p>Om ein ønskjer samfunnsutvikling der så mange som mogleg kan drive næring og også vere tent med vidare hytteutbygging, er det då lurt å leggje alle nye areal for fritidsbustadar på ein eigedom? Då kan grunneigar enten tene seg uforholdsmessig rik eller stå i vegen for samfunnsutviklinga. Det er også andre faktorar som gjer denne konsentrasjonen av hytteutvikling risikabel frå eit samfunnsperspektiv. Kva skjer dersom planen ikkje kan gjennomførast av andre grunnar en grunneigars og landbruksinteressene? Det er to høve som blir tenkt på; natur og økonomi.</p> <p>Natur</p> <p>For dei nye områda som er planlagd, i alle fall nedanfor BFR4, skal bli knytt til skisenteret og med det blir attraktive for kjøparar, er ein avhengig av at i alle fall den næraste av dei nye ski og heistraseane i planframlegget blir bygd. Men om ein tek ei synfaring og ser på skogen i øvre del av BFR4 og planlagd heis/skitrase, vil ein sjå at skogen i dette området er utsett for stor snølast. Trea er trykt ned mot dalen av snø, kva medfører felling av tre? Teikna på rasfare er tydelege. Planen inneberer utbygging av fritidsbustadar i områda nedanfor. Dersom utbygging av heis/skitrasear ikkje let seg gjere på grunn av rasfare, kva alternativ har kommunen lagt inn slik at den ønska utviklinga av nye hyttefelt ikkje stoppar opp? Utan heis og med det ikkje tilgang til skisenteret utan bil, kor interessant blir desse områda for utbyggjarar/kjøparar?</p> <p>Økonomi</p> <p>Sjølv om eventuell rasfare ikkje blir funne å vere eit problem for utbygging, må nokon finansiære utbygging av heis og skitrasear og tene inn investeringa og meir. Framlegg til</p>	

		<p>trasear blir i sør/aust vendt fjellside, og blir såleis sterkt påverka av sol, og at dei går heilt ned til 180 moh. Vil det vere mogleg å halde snødekke i ein lang nok periode for god/forsvarleg inntening på skiheisane? Om ikkje, kven skal bere kosten, hytteigarane, skisenteret eller andre?</p> <p>Det er vår og grønt nede i dalsida lenge før skianlegget må stengast i Hevsdalen.</p> <p>Er det alternativ?</p> <p>Som alternativ til å leggje alle eggja i ei korg, kan arealet over bustadfelta Storgjerde og Langlo 3 vere supplement. Der har ein del faktorar som gjer ei utvikling av fritidsbustadar der meir interessant:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Det er store areal med relativt slakt terreng, bortsett frå nærast Meraftahornet, trygt for ras 2. Slakare terreng gjer det enklare å leggje til rette området/anlegg for folk med mindre skierfaring og barn, både alpint og langrenn 	<p>Rår til å ta ut nytt areal til fritidsbustadar som er lågare enn det som er sett av til friluftsliv i KDP Hevsdalen. Det bør leggjast til rette for tilkomst/parkering for bussar ved skiheisa.</p> <p>Det er langt inn nytt areal til fritidsbustadar, fritids- /turisme i dette området.</p>
14.06.2019	Jens Arne Hagen	<p>Gnr./bnr. 20/1</p> <p>Grunneigarane har tidlegare vore i mot at eigedomen er lagt ut til bustadformål, og underteikna er også i mot at eigedomen har formål bustad.</p> <p>Dyrka mark</p> <p>Markane på garden er fulldyrka jord medan dei aller brattaste henga er overflatedyrka. Det er underleg at kommunen omdisponerer dyrka arealet til bustad når det elles er fokus på å verne nettopp slike dyrka område. Kvart år har det vorte hausta på garden og avlingane nytta til for. Området er halde i hevd gjennom generasjonar så det ikkje forfell, men også for at framtidige generasjonar skal kunne ha moglegheita til å stare drift på garden igjen.</p> <p>Føremålet med bustadområde</p> <p>Nye bustadar er mynta på nyetablerte familiar, og då er ikkje eigedomen nødvendigvis ein naturleg stad å byggje på. Eigedomen ligg nære grunnskulen, men skulevegen via Ousbakkane er smal, 50 km/t sone og manglar gangfelt. Trafikkfarleg skuleveg som gjer at barna må køyrast til skulen.</p> <p>Andre alternativ</p> <p>Bustadføremålet femnar om både gardstun og kringliggjande areal. Dette er lite rimeleg når fleire andre stadar i Stranda tettstad som er betre eigna til bustadformål, ikkje har fått lagt bustadformålet inn i eksisterande gardstun. Det er lite ønskeleg med bustadformål i gardstunet av både estetiske og praktiske årsaker i samband med sjølve tunfunksjonen og gardstunbiletet. Det er alt gjennom fleire tiår vore lagt til rette for bustadutbygging på eigedomen, både ovanfor og nedanfor sjølve gardstunet. Området ved Stranda bruk/Næringshagen vil vere eit godt alternativ til utbygging av leilegheiter som er langt meir formålstenleg enn å leggje ut sjølve gardstunet og dyrkamarka rundt til bustadområde. Fleire andre grunneigarar ønskjer å omdisponere areal til bustadområde, men får ikkje løyve på grunn av eigedomen er sett av til jordbruksareal. Estetisk er det stas på bygda sett utanfrå at ein klarer å kombinere eit aktivt, levande og flott sentrum saman med jordbruksareal. Det er ønske om at garden som heilskap vert tilbakeført til LNF-formål.</p>	<p>Det blir rådd til at arealet blir tilbakeført til LNF, som grunneigar ønskjer.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Kjartan Furset	<p>1. Dei fleste gardane som eig i området har vore nedlagt, har selt ut det meste av arealet på Roaldsida i Hevsdalen og ser ut til å vere interessert i å selje resterande landbruksareal</p> <p>2. Det er få eller ikkje dyr som beitar området om sommaren</p> <p>3. Nødvendige teknisk infrastruktur skulle kunne byggjast ut med rimeleg kost</p> <p>4. Skiheiser og hyttefelt kan leggjast høgare over havet, betre snøforhold</p> <p>5. Det kan leggjast til rette for barn og vaksne utan å køyre opp i Hevsdalen, gå avstand for mange av bebuarane i Stranda</p> <p>6. Attraktivitet, det er denne retninga alle skrytebilete frå Stranda skisenter er tekne, frå Roalden ned mot dette området, sentrum og fjorden. Det er i dette området ein finn utsikta alle kjenner Stranda og skisenteret for</p> <p>Gjer framlegg om å avgrensa planlagde areal til hytter på bruk 46/2, spesielt dei som ligg nærast garden og heller opne for alternative areal, så kan og vil utviklinga gå den retninga som tener flest, i staden for at kommunen tvingar den i retning i overordna plan.</p>	Må vurdere å opne for hyttefelt langs skitrekk ved Langlo.
14.06.2019	Kjartan Furset	<p>Vern av myr område</p> <p>7. Store delar av eksisterande areal til fritidsbustadar ved Storhaugen – Fursetnakken ligg i myrområde. Bør ikkje ein plan laga i 2019 ta meir omsyn til natur og miljø enn det som er synt i framlegget, der alle myrområda er tenkt bygd ut med fritidsbustadar?</p>	Det blir ikkje lagt opp til å endre arealbruken frå KDP Hevsdalen. .
14.06.2019	Nordang Gruppen AS	Har ikkje ytterlegare merknadar utover det som vart sendt tidlegare til Stranda kommune vedkommande områderegulering av Svemorka. På gnr./bnr. 27/46 og 60 er vi avhengig av tilfredsstillande avkøyring som i dag, mykje på grunn av Scania og Circle K sine anlegg og tilkomst til eige lager med kraner og bilar. For 27/59 så er det ønskeleg primært at veglinje blir lagt som opphavleg planlagt, alternativ så må det skaffast ny lokasjon til verksemda som blir drive i området.	Ny arealbruk ved Svemorka blir som for områderegulering Svemorka. Det blir rekna med at områdeplanen vil blir vedteken før arealdelen, vedteken områderegulering skal gjelde før arealdelen, markert med omsynssone.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2109	Berit Kirkhorn	B- 1 og B-2 2 Generelt er dette området for bratt til å gje attraktive tomter. Terrenget varierer mellom bratte og mindre bratte område. Ber difor om at kommunestyret tek ei grundig synfaring før det gjer vedtak. Dersom kommunen ønskjer å gå vidare med planane, bør merka område vere friområde og at nedre grense på B-2 1 følgjer kota som merka av på kartet. Er også undrande til B-2 2. Dette vil hindre/vanskeleg gjere bruk av beiteområde til den einaste aktive bonden i området.	Det skal settast av høveleg med leikeareal innanfor bustadområdet, areal ønska sett av til friområde kan nyttast til det. Avklaring skjer i samband med regulering. B-2 2 blir tilrådd teke ut som bustadformål på grunn av landbruket.
14.06.2019	Kirsti Engeset	Engeset og Furset er kjerneområde landbruk, og det er viktig at området ovanfor gardane framleis vert liggande som LNF-område. Det går ikkje an å drive jordbruksnæringa utan at utmarka er med i grunnlaget for drifta. Vonar kommune tek omsyn til jordbruket og er ei viktig næring og ser verdiane av beitedyr og velstelte gardar i ei grend.	Rår til å ta ut nytt areal til fritidsbustadar som er lågare enn det som er sett av til friluftsliv i KDP Hevsdalen. BFR5 og 6. Det bør leggjast til rette for tilkomst/parkering for bussar ved skiheis.
14.06.2019	Marvin Hole	Ønskjer at gnr./bnr. 49/7 blir sett av til bustadformål.	Areal på om lag 7 daa dyrka jord, delt på tre teigar. På grunn av vanskeleg tilkome (bekkar) og at det ikkje mogleg å få til betre arrondering vert det tilrådd at parsellane vert omdisponert til bustadformål
14.06.2019	Per Arne Helsem	Tomt gnr./bnr. 18/100 er delt frå til bustadformål. Ber om at tomta blir omdisponert til bustadformål	Tomta er på om lag 8,8 daa. Arealet har ikkje status som dyrkbar jord. Området ligg inntil eksisterande veg og bustadområde. Det vert tilrådd omdisponering.
14.06.2019	Per Arne Helsem	Vedlagt kart syner tomta til Helsem Byggteneste, gnr./bnr. 18/14. Ber om at tomta får formål næringsformål. Også på gnr./bnr. 18/258 bør få same arealformål, utan at underteikna har noko eigarforhold til denne. På begge tomtene er det i dag næringsverksemd.	Tomtene hovudsakleg bygd ut og ligg inntil offentleg. Tilrådd å omdisponere begge tomtene til næringsformål.
14.06.2019	Per Arne Helsem	Ønske om at eksisterande naust gnr./bnr. 18/1, 2 og 3 blir sett av til naustformål.	Det er ført opp tre naust. Rår til at nausta får endra formål til naust – anna type busetnad.
14.06.2019	Ole Jørgen Sve	Hytteområde ved Svefonna, Må sikre nødvendig areal for utviding aktivitet Låna Sikre areal for ny Solbakken Sikre areal for ny Ringstad skule.	Ikkje ønskeleg å leggje ut nye frittliggande hytteområde i denne planperioden. Det blir tilrådd å leggje inn nytt areal til offentleg tenesteyting ved Ringstad.
14.06.2019	Tor Lie	Vike tomteselskap er i dag eigar av gnr./bnr. 15/17 og 15, desse områda er regulert til bustadar, naust, privat veg. Denne godkjente reguleringsplanen må ikkje fjernast frå arealdelen.	Nyare gjeldande reguleringsplanar blir ikkje oppheva, planen blir vidareført.
14.06.2019	Harald Tynes	Vike tomteselskap er i dag eigar av gnr./bnr. 15/17 og 15, desse områda er regulert til bustadar, naust, privat veg. Over lang tid er det jobba med sal av området til utbygging, nyleg er det skreve kontrakt om sal av området til lokal utviklar på Stranda, som vil utvikle området og styrke bruket og skape eit tryggare fundament også for framtidig jordbruksdrift. Underteikna har vorte informert om at feltet i framlegg til arealplan er fjerna frå plankartet. Vike Tomteselskap DA vil med dette protestere på at slik endring skjer. Om ikkje protest vert teke til følgje, vil det alt no varsla krav om erstatning for feltet. Ber om at vidare dialog om dette også blir følgt opp med kjøpar av feltet Tor Lie.	Nyare gjeldande reguleringsplanar blir ikkje oppheva, planen blir vidareført.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Emte Engeset	<p>Som grunneigar av gnr./bnr. 53/59 er det ønskeleg å få frådelt bustadtomter på vestsida av egedomen ved B-3. Også i tidlegare merknadar har det vore ytra ønske om tomteutnytting med vegløyning (avtale om veg finns). Det blir forventa at kommunen i arealplanen tek underteikna sin egedoms interesser i vare.</p> <p>På austsida av fv. 60 har gnr./bnr. 53/203 ved ulovleg utfylling av parkeringsplass forsynt seg av areal tilhøyrande bnr. 59 utan samtykke. I detaljplan Fortau Sløgstadmarka konkluderast det blant anna med at avkøringa til parkeringsplassen må fjernast og det blir antyda moglegheit for parkeringsplass på same side av fv 60 som verkstaden. Det vil ikkje bli aktuelt med utviding inn på bnr. 59, heller ikkje parkeringsplass som råkar veg eller kryss som negativt for egedomen.</p> <p>Problem rundt parkeringsplassen er uavklart både når det gjeld arrondering og erstatning. Kva vil skje med fylling, korleis vil den påverke ny vegtrase?</p> <p>Ønskjer å få tilsendt heilskapleg skisse som også syner kvar den nye vegen vil ta frå dagens veg frå sentrum til Korsbakken.</p>	<p>Før det blir aktuelt å dele frå tomter må arealdelen vere godkjent og området vere regulert. Det er ein prosess før B-3 eventuelt kan realiserast til utbygging.</p> <p>Tilhøvet til bnr. 203 er privatrettsleg og må avklarast mellom partane.</p> <p>Det er ikkje utarbeidd skisse over B-3 utover det som ligg i plankartet.</p>
14.06.2019	Grunneigarar på Furset	<p>Det ligg inne næringsområde på dei nedre delane av Fursetgardane, det som planlagt og godkjent i 1999 – 20 år sidan, Fursetøyane næringspark. Det finns også planar om Fursetøyane næringspark 2 som er tenkt å ta endå meir areal. Det planlagde arealet ligg over fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite. Det er ønskeleg å gje innspel på kor framtidretta planane for næringsområdet på Stranda er. Det meste av eksisterande og nye næringsområde ligg konsentrert på ein plass, Svemorka og Fursetøyane, relativt langt unna betydelege bustadområde. Om ein vel å avgrense definisjonen av næring til berre å gjelde produksjonsindustri, som kan både vere forureinande, og ha mykje tungtrafikk, er det gode argument for å avstand mellom bustadkonsentrasjonar og næring. Stranda har ein produksjonsindustri som mange kommunar misunner oss, men det blir hardare press frå internasjonal konkurranse, kor mange nye store og tunge verksemder vil starte/flytte til Stranda i framtida? Svemorka er alt planlagt utvida og det er enno areal som ikkje er nytta/tenkt til næring sør for Morkvegen.</p>	<p>Areal som er regulert eller er under regulering blir vidareført i arealdelen.</p>
14.06.2019	Grunneigarar på Furset	<p>Ein har ikkje noko i mot industri som held liv i bygda og at areal må settast av. Men som samfunn/kommune bør det planleggjast for å tiltrekke oss anna næring og andre jobbar enn produksjon også. Vil då å konsentrere omtrent alt næringsareal på ein plass vere det beste?</p> <p>Om ein inkluderer næring som til dømes lett industri, kontor og liknande, som ikkje vil vere til sjenanse i eller ved bustadområde, vil det vere framtidretta med tilrettelegging med næringsareal nærare bustadområda.</p> <p>Det er planlagt store areal til rein bustadbygging i B3, det er noko areal sett av til næring ved Korsbakken, men desse er både små og til dels langt frå delar av B3 og endå lenger frå bustadfelt i Langlo området. Vil det ikkje vere framtidretta med tilrettelegging for meir areal til lettare næring i eller ved delar av B3? Med dette vil ein få næringsareal som er i gå og sykkelavstand frå både eksisterande og nye bustadfelt, ein vil vere uavhengig bil for å kome seg til arbeid. Gjer framlegg om at det bør leggjast til rette for næring nærare bustadområda og sørgje for at bedrifter som er etablert og går godt har areal og kan utvide verksemda si der dei er.</p>	<p>Det blir vurdert å leggje inn noko kombinasjonsareal i B3 – kombinasjons bustad, næring og service, der det blir stilt krav til kva næringsverksemd som kan etablerast, for hindre konflikt med bustadformål.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Linda Emdal og Yvonne Langlo	<p>Innspel til arealplanen for Stranda med konkrete framlegg til område som bør opnast for bustad- og fritidsutbygging med tilhøyrande vegar.</p> <p>Har utarbeidd kart med forklaringar for følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utviding av område for bustad Langlo • Kombinert område bustad, forretning og offentleg tenesteyting på Ringstad • Nytt område for bustad og utviding av område for næring på Ødegård • Utvida område for fritids-/heilårsbustadar mellom Storgjerdet og Ødegård • Permanent Alperittsløype frå fjell til fjord. Tursti/sykkelsti frå Langlo til sentrum <p>Bakgrunn er engasjement for at Stranda skal klare å behalde og tiltrekke seg nye innbyggjarar, leggje til rette for fritidsbrukarar, både turistar, hytteeigarar og utflytta, som igjen vil vere positivt for både innbyggjarar og næringsliv i Stranda.</p> <p>Noko av det viktigaste kommunen kan gjere er å leggje til rette for mange rimelege, byggjeklare bustadtomter, i fleire ulike områder av Stranda, med god kommunikasjon til viktige kommunikasjonar som skule og barnehage. Det er viktig at dei som vil busette seg i kommunen får busette seg der dei vil. Framlegg om både fortetting av eksisterande bustadområde, opning for bustadbygging innanfor landbruksområde sentralt og nye bustadområde som kan ha ei positivt klyngeeffekt. Stranda skal vere ein god plass å vekse opp for barn og unge, ein god plass å vere foreldre, arbeide, sosialisere, verte gamal og ein god plass å besøke. I tråd med samfunnsdelen er det særleg viktig å fokusere på barn og unge, dette gjev grunnlag for etablering av/tilflytting av barnefamiljar. Trygge gang- og sykkelvegane og tilgang til busstopp er vektlagt i arealframlegga som vil vere særleg viktig for trivsel og mobilitet for barn og unge, både innafor og mellom bygdelaga i kommunen.</p> <p>Eigarar og brukarar av fritidsbustadarar er viktige bidragsytarar til trivsel på Stranda, og det er viktig at kommunen legg til rette gode område for fritidsbustadar. Fritidsbustadar er særleg viktig for å oppretthalde service-, fritids- og friluftstilboda som Strandafjellet, restaurantar, butikkar og overnattingsstadar, tilbod som er viktig for innbyggjarar, særleg unge. Arbeidsplassar er knytt til desse tilboda, byggje og anleggsbransjen står sterkare med aktivt fritidsbustadmarknad, enklare å tiltrekke arbeidskraft med eit godt service-, fritids- og friluftstilbod. Ei positiv utvikling for hyttemarknaden vil også kunne ha ei positiv påverking av verdien av eksisterande bustadar og moglegheit for utbetra infrastruktur</p> <p>Det er ønskeleg å tenke visjonært og langsiktig ved å presentere ide om å permanent forlenge Alperittløypa til ei heilårsløype for sykkel/ski langs Langloelva og Storelva til sentrum. Dette vil vere unikt og forsterke merkevara Stranda, bra tilbod for innbyggjarane, turisme og næringslivet og vil knyte sentrum og fjellet bra saman. Auka bruk av Stranda sentrum er særleg viktig, meir aktivitet i sentrum vil gjere Stranda til ein triveleg plass og ei bygd å vere stolt av.</p> <p>Utviding av området for bustad Langlo Området har potensiale for fortetting ved å nytte og ruste opp eksisterande infrastruktur, utfordring er ulykkespunkt kryss Tingstadvegen /Langlovegen. Alternativ tilkomst i høve kommunen sitt framlegg langs Langloelva, kombinert flaumsikring. Nytt kryss ved Langloelva kan knyte seg på tingstadvegen og betre trafikktryggleiken i området.</p>	<p>Tilkomst langs Langloelva vil bli for bratt og vil også avskjere løyper frå aust. Blir ikkje tilrådd.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Linda Emdal og Yvonne Langlo	<p>Utvidar nytt bustadområdet til Langlo elva. Solrike utsiktstomter, nære eksisterande bustadar. Området har god kommunikasjon til skule, barnehage, servicetilbod og arbeidsplassar, friluftsområde og Alperittløypa.</p> <p>Kombinert område for bustad, forretning og offentleg tenesteyting Ringstad Området i krysset mellom Langlovegen, Ødegårdsvegen og Ringstadvegen har stort potensiale som kombinert område for bustad, forretning og offentleg tenesteyting grunna sentral plassering.</p> <p>Detaljregulering for Svingen eigedom bør bli sentrumsformål, noko som bør vurderast for fleire av områda rundt. Vurdere å byggje miljøvenlege bustadar med parsellar for eigendyrking i fellesskap. Gjennom aktiv bruk av matjorda kan ein engasjere folk i alle aldrar og livssituasjonar til å møtast og bidra til å spreie kunnskap om berekraftig utvikling. Kjerneområde landbruk hindrar vidare bruk av området og bør difor takast opp til vurdering. Nedst i Ringstadvegen ligg den utsette Meieribakken. Framlegg om ny trase langs Langloelva og opp mot Langlovegen i nytt kryss for Tingstadvegen (jamfør punkt A). Nytt område på Lånemarka for offentleg tenesteyting som ei forlenging av Movegen ovanfor gardstuna i Ringstadvegen. Reguleringsplan for Ringstadkrysset vurderast oppheva for å i staden kunne fortette med bustadar på Slettereiten.</p> <p>Nytt område for bustad og utviding av næringsområde Ødegård. Framlegg om nytt bustadområde på Ødegård blir støtta, men med vegtilkomst til området mellom bruka, slik at gardsdrifta kan halde fram. Området for næring utvidast i retning Stranda energi for gnr./bnr. 50/74 og 92.</p> <p>Utvida område for fritids-/heilårsbustadar Storgjerdet – Ringstadsætra Framlegg om å opne for kombinasjon av fritidsbustad og bustadar mellom bustadområdet Storgjerdet og fritidsbustadområdet Ringstadsætra. Dette vil knyte eksisterande område saman og mogleggjere investeringar i infrastruktur som gang-/sykkelveg og langrennsløype som vil kome fritidsbebuarar og innbyggjarar til gode.</p> <p>Permanent Alperittsløype frå fjell til fjord. Tursti/sykkelsti/skiløype frå Langlo til sentrum Opparbeiding av tursti for sykkel og ski frå Alperittløypa ved Langlo langs elva ned til sentrum. Målet er å skape aktivitet i sentrum, støtte Strandafjellet og forsterke merkevare frå fjord til fjell ikkje berre om vinteren, men heile året knytt til den auka interessa for friluftsliv, sti sykling og motbakkeløp. I nedre del av elva kan opparbeiding av tursti kombinerast med naudsynt flaumsikring. Ulike trasear og kryssingar av vegar må vurderast. Dette vil vere unikt og forsterke merkevara Stranda, bra tilbod for innbyggjarane, turismen og næringslivet, og vil knyte sentrum og fjellet saman.</p>	<p>Området ligg som kjerneområde landbruk, det blir rådd frå å leggje arealet til utbygging.</p> <p>På grunn av beitebruk er det ønskeleg å ikkje gå vidare med dette bustadområdet. Tilrår å utvide næringsområdet som omtalt.</p> <p>Det er og blir lagt inn store areal til både bustad og fritidsbustadar i området. Det blir ikkje rådd til å leggje ut meir areal i denne planperioden. Området kan vere aktuelt i neste planperiode.</p> <p>Dette vil vere eit viktig tiltak også for trafikktrygging, rår til at det blir lagt inn framlegg til turveg i plandokumenta. Arealplankartet er grovmaska, kvar stien skal gå må detaljplanleggjast.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2109	Vidar Vike	Gnr./bnr. 15/3 Har planar for utvikling av området til fritidsbusetnad som ligg inne KDP Stranda. I samband med KDP var det diskusjon om festetomter/full eigedom. Det blir no planlagt sal av området.	Arealbruken frå KDP Stranda blir vidareført med fritidseigedom. Grunneigar står fritt i å feste/selje tomter når det er klart til utbygging. Etter møte 21.06.2019 vart formål fritidsbusetnad teke ut, ikkje ønskeleg leggje til rette for fritidsbusetnad.
14.06.2019	Per Ødegård	Gnr./bnr. 50//1 B_2 2 Nytt bustadområde på Ødegård synes å vere ei god løysing, området er sentrumsnært og har sær s god utsikt mot fjord og fjell. Nedre del av området på bruk 1 er inne gjerda og ikkje i bruk av nokon, vestre del av området er hogstmoden granskog som skal hoggast i nær framtid. Ynskjer at området skal vere sett av til bustad, då det er ein fin stad å byggje på.	Området ligg inntil areal innanfor kjerneområde landbruk. Beite vil vere ein viktig del av gardsdrifta. Rår til å ta ut området B2-2 til bustadområde. Bustadområde bør planleggjast for større område, det bør difor ikkje leggjast ut bustadareal på berre bnr. 1. Etter møte 21.06.2019 blir B2 2 vidareført som bustadformål.
14.06.2019	Marit Leinaas	Fødd og oppvaksen på Stranda, ønske om å halde kontakt med heimbygda. Tomta skilt frå familiens hytte eigedom, gnr./bnr. 52/297 Mange turmoglegheiter, både sommar og vinter. Utbygging kombinasjon av frittliggande hytter og meir konsentrert utbygging innanfor mindre hyttefelt. Dei gamle opne stølsområda på Ringstadsætra bør bevarast og framleis vere tilgjengelege. Det er viktig å sikre gjennomgåande turtrasear, både for sommarbruk og vinterløyper. Plassering av hyttetomter midt i gamle turtrasear må unngåast. Bør setje av nye hytteområde, Liabygda, Sunnylvn og Stranda. Sikre gjennomgåande turtrasear, gjerne forlengast, særleg vinterløyper. Til dømes i retning Skura/Fausa og frå Fursetreset i retning Engeset/Habostaddalen.	Teke til vitande.
14.06.2019	Reidar Furset	Seljebakken og Hevsdalen Område under og vest for Fursetnakken må vere som no LNF, kjerneområdet landbruk. Dette er eit av dei store trekkplastra til skisenteret som frikøyringsområde. Beitande dyr om sommaren held kratt vekke og plukkhogst av brukarane om vinteren skapar eit glimrande og grenselaust frikøyringsområde. Å opne for utbygging av dette vil også øydelegge for eksisterande aktive bruk. Når det gjeld dei sentrale områda ved skisenteret (S1, S2 og S3) må kommunen krevje bygging i desse områda. Dette vil også hindre press på LNF-område, som eit aktivt landbruk treng. Det er uforståeleg at det ikkje er byggjeplikt, når dette er regulert til hytte. Kjølås/Giskehaug Det manglar tunnel frå Ous til Kjølås/Giskehaug. Det er i dette området bustadareal vil bli attraktive og ein god tilkomst er viktig. Sløgstadmarka Ved bustadområdet lengst sørvest i Sløgstadmarka er det lite sol. Gangvegar Stranda kommune må få på plass gangvegar. I dag vassar elevane i laussnø og går over dyrka mark. Lag smale vegar som kan vinterbrøytast. Meieribakken er eit ulukkespunkt om vinteren. Her må også skuleelevane gå i lag med køyretøy. Gangfelt må på plass slik at gåande blir skilt frå køyretøy før det skjer ei alvorleg ulykke.	Det blir rådd til å ta ut område til fritidsbustad som ligg lågare enn det som er lagt ut i KDP Hevsdalen. Det blir rådd til å leggje inn gangvegar som synt i kart.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Kibsgaard-Petersen	<p>Historikk I januar 2019 vart det på vegne av grunneigarar levert inn planinitiativ om oppstart av detaljregulering for delar av Fausadalen hyttefelt. Det vart halde oppstartsmøte med administrasjonen og 24.02.2019 vart det gjort vedtak om oppstart av Fast utval for plansaker. I vedtaket ber Stranda kommune grunneigarane gjennomføre ei samla reguleringsendring for heile planområdet, grunneigarane gjekk då samla inn for å gjennomføre dette. 21.02.2019 vart det varsla oppstart til råka partar og offentleg mynde. I etterkant vart det i samråd med planavdelinga sendt ut framlegg til planprogram med høyringsfrist 04.07.2019. Det på går prosess med reguleringsendring for heile området i detaljplan Nysætervatnet.</p> <p>Kommunen sitt framlegg I framlegg til arealplan er eksisterande regulerte hyttefelt lagt inn saman med to nye område. Underteikna er undrande til plassering og utstrekning av nye felta, all den tid det på går reguleringsprosess som vil avklare dette på detaljnivå. I detaljplanprosessen er det sett krav til utgreiing av ei rekkje tema, blant anna rasfare, våtmark, vassdrag, skiløyper m.m. Resultatet av desse utgreiingane vil bestemme korleis arealbruken for området blir.</p> <p>Fausadalen grunneigarlag sitt framlegg Ber om at kommunen endrar arealplanen slik at den ikkje låser arealbruken før arealbruken er avklart. Heile planområdet Nysætervatnet bør ha formål fritidsbusetnad med krav om detaljregulering før utbygging. Dette vil sikre dei eksisterande hytteområda kan utviklast fram til nye detaljplan er på plass og at det samtidig blir rom for at planprosessen som er starta opp, kan gjennomførast etter intensjonane til grunneigarlaget og planutvalet.</p>	<p>Det blir rådd til at plangrensa for detaljplan Nysætervatnet blir nytta som avgrensing av formål fritidsbusetnad. Detaljregulering av området vil avklare arealbruken mellom utbygging og ikkje utbygging. Krav om KU vil avklare relevante tema for utviding av hyttefeltet.</p>
17.06.2019	Harald Tynes	<p>Som deleigar i Vike Tomteselskap DA, kjem det framlegg om at den tidlegare veglina og vegplanen frå Helsem til Opsvik blir teke inn igjen i arealplanen. Arealet nede ved sjøen er stort sett skrinne beiter av liten jordbruksmessig verdi. Som sjønært utbyggingsområde for bustad og ikkje minst fritidsbustad vil det ha stor verdi, og vil kunne gje Stranda kommune eit nytt bein i tillegg til Strandafjellet. Med veg vidareført langs sjøen og i den anlegg for vatn og avløp, vil det opne for vekst og utvikling i eit nytt attraktivt område i Stranda.</p>	<p>Vegline ligg inne i KDP Stranda, den blir teke ut av di den ikkje vil kome til å bli bygd.</p>
18.06.2019	Ingvar Emdal	<p>I sentrumsområdet i bygdelaga bør det vere ei forskrift som regulerer høgde på tre, spesielt grantre. Det er fleire døme på at grantre som har vore planta som juletre har fått stå til det dannar massive uønskt veggjar i landskapet. I Stranda sentrum er det no fleire stadar der «granveggane» verkar skjemma. (langs Storgata) Dersom det kan innarbeidast reglar for dette i kommuneplanen, så kan kommunen påleggje grunneigar å fjerne uønskte tre.</p>	<p>Utfordrande å ta med slike krav i arealplanar dersom det ikkje knytt til trafikktryggleik. Det er grannelova som må nyttast.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
18.06.2019	Grinaker Utvikling AS	<p>Underteikna har hatt mange prosjekter på Strandafjellet i over 13 – 14 år, erfaring frå store og små planprosjekt i Sør-Noreg gjennom 30 år som arealplanleggar/prosjektleder.</p> <p>Kommuneplan Samfunnsdelen trekkjer opp viktige mål og strategiar for framtidig utvikling. Arealdelen blir ei naturleg oppfølging av samfunnsdelen, som skal trekke opp hovudstrategiar og syne viktige vegval for arealbruken langt fram i tid og som i mange tilfelle blir avgjerande for framtidig utvikling, dersom ikkje Strandafjellet blir følgt opp med ny kommunedelplan/områderegulering.</p> <p>Medverknad Det er lagt opp til svært stram tidsplan for kommuneplanarbeidet. Mogleg deltaking og god dialog vil vere avgrensa. Dette er overraskande, spesielt når ein ser det som er skissert så langt for Strandafjellet. Det er lagt inn rekke detaljar som bør vurderast nøye, og som enten bør avklarast i anna planprosess eller innan ein meir romsleg tidshorisont enn det som det blir lagt opp til.</p> <p>Strandafjellet som tung reiselivsdestinasjon Strandafjellet er ein tung reiselivsdestinasjon, der det har skjedd ei enorm utvikling og tunge investeringar dei siste 10 – 15 åra. Håp om at Strandafjellet framleis skal vere ein tung destinasjon i framtida med betydeleg utviklingspotensiale for reiseliv og utvikling til heilårsdestinasjon. Det må leggjast større vekt på næring/service, aktive byggjeområde, vidareutvikling av skisenteret, idrett, friluftsliv og fleire aktivitetar spesielt for barn og unge gjennom heile året.</p> <p>Tilgang til spisskompetanse Strategisk og målretta utvikling av Strandafjellet er viktig og krevjande. Kommune bør sikre seg tilgang til spisskompetanse på reiseliv, alpint og destinasjonsutvikling, for fagleg råd om utviklingstrekk, marknad, produkt, utvikling av destinasjon m.m. kontra arealbruk. Dette sikrast gjennom samarbeid med reiselivet/næringslivet i kommunen. Burde knyte seg til ekstern spisskompetanse på viktige område. Norsk Turistutvikling AS har stått bak regionale og nasjonale prosjekt med spisskompetanse på reiseliv og fritidsbustadbygging er aktuell aktør.</p> <p>Parallele prosessar – kreativt utviklingsprosjekt og planarbeid Fordel om planarbeidet kunne kombinerast med parallell prosess der næringsliv, utbyggjarar og grunneigarar kunne bruke kommuneplanarbeidet som verktøy for å avklare eigen behov og ønskjer. Deet burde kome i forkant av det tekniske arbeidet med kommuneplanen, gjerne formalisert og forankra som del av kommuneplanarbeidet. Koordinert med eksterne fagfolk og kommunen som «fødselshjelpar». Då kunne ein leggje eit betre grunnlag for gos kreativ prosess med strategi, rammer, verkemidlar, samspel, samarbeid og fellestiltak. Tydeleggjering av ein slik prosess vil truleg skape meir begeistring og engasjement enn ein rein planprosess, men følgt opp av planprosessen. Dette vil gje betre resultatet og ein kommuneplan der planinnhald og juridiske forhold kunne sikre meir forutsigbarheit.</p>	

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
18.06.2019	Grinaker Utvikling AS	<p>Arealdel kontra områderegulering Med den kompleksitet og behov for heilskaplege løysingar for Strandafjellet, er ikkje kommuneplanen er eigna planform aleine. Det bør følgjast opp med områderegulering som erstattar KDP Hevsdalen. Dersom ein knyt dette opp mot utviklings- og samarbeidsprosess der grunneigarar/utbyggjarar og brukargrupper blir involvert på ein god måte, burde ein få tilgang til midlar frå Innovasjon Norge eller andre.</p> <p>KDP Hevsdalen Denne er for lengst moden for revisjon. Fleire detaljplanar siste 10 år syner denne har svakheiter og manglar løysingar for heilskapleg tenking og tiltak for å redusere intern trafikk som alt er ei stor utfordring. Tilfeldig utbygging av enkelt tiltak har sperra for gode heilskaplege løysingar som vegar, kulvertar, samanhengande nedfarer/skiløyper.</p> <p>Planarbeid i regi av Mivo AS Grinaker har gjennomført fleire reguleringsplanar på Strandafjellet siste 10 – 12 år. Oppdragsgjevar har jobba langsiktig med utvikle gode løysingar etter masterplan, i tråd med kommunen planar og tilrådingar siste 10 år.</p> <p>Heilårsdestinasjon og sambinding mellom Stranda sentrum og Strandafjellet Strandafjellet bør i større grad ha ein klar ambisjon om å bli ein god heilårsdestinasjon, med auka fokus på sommar aktivitetar. Naturlege føresetnadar ligg til rette, men krev strategiske grep, målretta innsats, aktiv bruk av verkemiddel og betre samarbeid mellom ulike aktørar. Sambinding mellom Stranda sentrum og Roalden i form av gondol er noko som er lansert tidlegare og som ein bør sjå på i kommuneplanen. Møte utfordringar med cruisetrafikk med meir fokus på klima og berekraftig utvikling.</p> <p>Cruise Stadig fleire cruisepassasjerar vil ha gode dagtilbod, topptur til Roalden bør vere eit av desse. Stranda hotell med servering i paviljongen melder om auka interesse, som bør utviklast vidare med auka kapasitet og fleire opplevingar.</p> <p>Sykkelstiar Det er stor auke i interesse for å bruke sykkel i fjellområda, nyttar gondolane for å kome seg opp og sykle ned i nedfartstrasear. Produkt som bør vidareutviklast med meir samanhengande sykkelstiar.</p> <p>Barn og unge Det bør utviklast fleire heilårsaktivitetar for dei yngste, spesielt sykkelløyper, hinderløyper m.m.</p>	

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
18.06.2019	Grinaker Utvikling AS	<p>ROS</p> <p>Sårbarheit og risiko i tråd med endring av klima bør vere ein viktig del av kommuneplanarbeidet, spesielt på Strandafjellet. Krav frå NVE har medført at kommunen må kartlegge rasfare i område som alt er bygd ut, noko som truleg kunne vore unngått med betre vurdering av aktuelle byggeområde på førehand.</p> <p>Handtering av overflatevatn i nedslagsfeltet, bekkar og tiltak i utbygde område er eit anna viktig tema. Her burde kommunen hjulpet til i kommuneplanen eller i en KDP/områderegulering</p> <p>VA, høgdebasseng er også tema som bør ha meir fokus, betre eigna i KDP /områderegulering: Tilhøve til brannsikring, nødetatar og tiltak for framkome er også viktige tema.</p> <p>Infrastruktur</p> <p>Hovudinfrastrukturen er viktig å få avklart, spesielt i for vegar. Har haldt seg til KDP Hevsdalen. På Roaldsiden er det gjort vurderingar av vegløyser, men det er berre Økslevegen som har synt seg som aktuell som hovudveg, sjølv om den er bratt. Andre vegløyser er sperra for dei øvre områda gjennom utbygging og krevande landskap. Bør få avklaring om Økslevegen skal nyttast som hovudveg for å sleppe å få omkampar om dette.</p> <p>Strandafjellet skisenter</p> <p>Mivo AS har god dialog med skisenteret, blant anna er det avklart framtidig breidde på nedre del av Meraftaløypa som er viktig løypestrase. Det er ønskeleg med fleire samanhengande skiløyper/skiløyper/mindre nedfartar for å redusere den interne biltrafikken. Det er gjort fleire grep for heilskaplege løysingar, men greier ikkje å rette opp feil som er gjort tidlegare med vegar, tomter, manglande krav om kulvertløysingar eller andre sikre kryssingar.</p> <p>Byggområde</p> <p>Det er viktig å sikre heilskaplege løysingar for veg, skiløyper, nedfartar og turstiar/grønnstruktur. Det er skissert framlegg til løysing med samanhengande veg frå planområdet Ringstadsætra H56 og kulvert over grønkorridor opp til Meraftahorn.</p> <p>Framlegg til plankart</p> <p>Det er fleire merknadar til plankartet, som verkar mangelfullt og likte konsekvent. Viktigaste grepet på Roaldsida er sikre heilskapleg infrastruktur, god kvalitet på vegnettet, samanhengande grønstruktur/skiløyper, betre tilgjenge til skisenteret og fleire tilbod. Foreløpige kommentarar:</p> <p>-</p>	

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
18.06.2019	Grinaker Utvikling AS	<p>Skitrekk</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bør vurderast nøye, bør hente inn ekstern kompetanse - Nytt skitrekk som startar midt i lia ovanfor Meraftahorn virkar meiningslaust, bør starte på Meraftahorn føresett at det blir lagt andre anlegg som skissert. Vintrar med tidleg snøsmelting i nedre del av Roalden vil brukarar kunne få eit godt tilbod i øvre delen ved å ta gondolen opp og renne ned til Meraftahorn, for deretter å ta heis opp til toppstasjonen eller lenger opp - Skitrekk som startar i grønkorridor mellom H67/Ringstadsætra og H66 er ikkje forståeleg, spesielt ikkje etter alle vurderingar og det planarbeidet som er gjort i dette området siste åra. Skal det vere trekk her bør det vurderast i sørvestre hjørne på H55 og knyte dette mot skiløype/skiløype/mindre nedfart <p>Alpintrase/nedfarter/kulvert</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nye alpintrasear bør vurderast av spisskompetanse - Meraftaløypa i den nedre delen bør tilpassast dei vurderingane som er gjort av skisenteret, den er unødig brei. Det er aktuelt å følgje skisenteret med utviding sørover i bratt terreng, utviding bør kome på oversida. Det bør derimot sikrast ei slakk skiløype frå Meraftaløypa og ned til starten av utforløypa. - Kulverten i Meraftaløypa er sikkerheitsrisiko, bør gjerast djupare og lengre - Ny grønkorridor inntil lysløypa bør vurderast som kombinasjon av mindre trekk/skiband og skiløyper for å tilbringarfunksjon til skisenteret <p>Skiløype/skiløype/kulvert</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det var grønkorridor mellom H66 og H32, den bør oppretthaldast. Den er krevjande landskapsmessig og må opparbeidast. Den er i godkjent reguleringsplan vidareført ut til utforløypa og er ei viktig sambinding mellom Meraftaløypa i nord og hytteigarane nedover i lia. - Skiløype frå den søraustre delen av H55 og ned til vegen Øgardslia er viktig må vurderast nøy i høve bratt terreng. - Skiløypetrase/tursti gjennom H58 og H57 og større område for leik/aking mellom H58 og H32 leggjast inn - Kulvert over Hjellhaugmarka burde vore etablert i samband med vegbygging. Det bør leggjast inn moglegheit for kulvert over Hjellhaugmarka som fellestiltak <p>Grønkorridorar (GK)</p> <ul style="list-style-type: none"> - GK rett nedover tvers gjennom H55 munnar ut i GK langs bekkene i B3 og B4 er ikkje forståeleg. Desse har ikkje meining, bør heller følgje GK følgje bekkane lengre opp - GK/skiløype langs Hjellhaugmarka i KDP bør fjernast. Området er for bratt og ikkje eigna for skiløype - Ny skiløype mellom H28 og H27 bør leggjast i samsvar med planframlegg 	

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
18.06.2019	Grinaker Utvikling AS	<p>Andre område</p> <ul style="list-style-type: none"> - Underleg at det ikkje i framlegg til plankart er synt nærings- eller serviceareal på sentrale stadar på Strandafjellet. Dette gjeld til dømes S1- S3 og øvrige sentrumsområde i Hevsdalen og også attraktive område i høgda, som Meraftahorn og andre aktuelle stadar for slik verksemd - Det bør gjerast nøyare vurderingar for å sikre at slike område definerast og sikrast for framtida. <p>Konklusjon</p> <p>Mange av tiltaka og vurderingane ovanfor burde normalt vere retta mot ein KDP/områderegulering. Har valt å fremje framlegga då framlegget til kommuneplanen har teke inn ei rekkje detaljar som enten bør vurderast nøye eller avklarast i områdereguleringsplan og/eller detaljregulering. Det må no sikrast framtidige løysingar for veg, skiløyper, grønstruktur for heile Roaldsida, samtidig med at nye byggeområde for leilegheiter/fritidsbustadar og service/næring blir avklart med sikte på eit betre produkt og utviklingspotensiale.</p>	<p>Rår til at areal som skal nyttast til utbygging i og ved Strandafjellet får omsynssone gjennomføring, med krav om felles planlegging gjennom områderegulering for å avklare arealbruken på eit meir detaljert nivå og at det blir lagt opp til ein god medverknadsprosess for aktørane i området. Arealdelen kan leggje grovmaska føringar for arealbruken. Dersom ein går vidare med avklaring i arealdelen, må dei ulike merknadane vurderast og eventuelt bli lagt inn i arealdelen (plankart og føresegner). Etter møte 21.06.2019 skal gjeldande reguleringsplanar i Hevsdalen gjelde før arealdelen, og konflikt med nytt løypenett blir fjerna frå regulerte tomter.</p>
19.06.2019	Storfjorden kyrkjelege fellelsråd	<p>Geiranger</p> <p>Det er behov for utviding av kyrkjegarden, har vore teke opp før, men stoppa opp då eigar av utvidingsarealet protesterte mot utviding. Urnegraver er dekke med å nytte kistegraver.</p> <p>Hellesylt</p> <p>Plana om utviding på Jogardsbøen, grunneigar av arealet ikkje uvillig til løysing. Prosessen har stoppa opp. Nedste delen av gravlunden er omregulert, og kan gjere det same med eit anna felt. Dette vil gje nok gravplassar dei næraste åra. Det er under arbeid omregulering kyrkjegarden ved kyrkja. Dette området har ikkje vore nytta til gravlegging på mange år, når denne er omregulert, vil det vere plass til stort tal gravplassar, også høveleg med areal til urnelund.</p> <p>Liabygda</p> <p>Tilstrekkeleg med areal til gravplassar i mange år framover. Urnegraver er dekkja med å nytte kistegraver.</p> <p>Stranda</p> <p>Gravlunden på Ødegård må utvidast innan få år, naturleg å utvide med areal ned mot sjøen. Dersom dette arealet blir heva litt, vil det kunne bli fin utviding av eksisterande gravlund. Planarbeidet bør starte opp så snart som mogleg, då eksisterande areal blir teke i bruk svært fort. Det er regulert areal for urnelund innanfor eksisterande areal på Ødegård, dette vil kunne takast i bruk når ein frå på plass felle minnesmerke for namna/unamna minne lund.</p>	<p>Det må setjast av tilstrekkeleg areal til gravlund som dekkjer behovet. I Stranda er det sett av ønska areal, det må setjast av areal i Geiranger og Hellesylt.</p>

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
24.06.2019	Dagfinn Hagen og Hermod Hagen	Gnr./bnr. 20/2 Ønskjer at areal ovanfor småbåthamna som i framlegget er ligg som grøntareal, får status som bustadformål slik som i KDP Stranda.	Arealbruken for gnr./bnr. 20/2 er vidareført frå KDP Stranda og sett av til bustadformål. Det er nabobruket mot nord, gnr./bnr. 20/1 som er teke ut.
26.06.2019	Flataker landskap	<p>Gnr./bnr. 46/47 Dette området var lagt inn som hytteområde i planframlegg av 29.05 som underteikna uttalte seg til i brev av 14.06. I revidert framlegg av 23.06 er dette gjort om til LNF og grense i KDP er nytta. Teigen består av hogstmoden granskog, ikkje beite eller naturområde av verdi. Området er ikkje er andre tungtvegande argument er det ønskeleg at området blir lagt inn som byggjeområde fritidsbusetnad, slik planframlegg av 29.05 synte.</p> <p>Ser at det blir teke til orde for områderegulering i Hevsdalen. Dette er ein dårleg ide, spesielt for sørsida av fylkesvegen (Fursetreset og omegn). Dei største grunneigarane i dette området har ikkje vore interessert i utvikling av sine område. Eit krav om områderegulering vil difor kunne stoppe utviklinga i lang tid. Reknar med at kommunen ikkje ønskjer å bremse aktiviteten no sidan det straks vert sett i gang dyre infrastrukturtiltak med veg/bru over elva. Områderegulering skal i utgangspunktet utførast av kommunen, (kommunal regi), kommunen bør ikkje bruke midlar/ressursar til å gjere den jobben verken på den eine eller andre sida av fylkesvegen.</p>	<p>Det er eit mindre område av bnr. 47 som er endra til LNF frå fritidsbusetnad, ved overgang turløype. Arealbruken av dette området må sjåast i samanheng med tilstøytane areal, og vurderast ved neste rullering.</p> <p>Målet med ei eventuell områderegulering er å sikre betre medverknad og detaljering av arealbruken, ikkje minst sikre felles grøntareal og betre tilrettelegging for heilårsaktivitetar.</p>

Geiranger

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
07.06.2019	Hole hytteutleige	Ser på kartet til arealplanen at på eigedom 117/2 er det lagt inn område med lys gul/brun/gulbrun farge. Farge gjer det vanskeleg å tolke om dette er bustad/framtidig bustad eller fritids areal. Det har tidlegare vore teikna inn bustadområde på dette området, men sidan teke ut av planen. Om dette vert på nytt lagt inn som bustadområde vil ein protestere på det, då dette er det einaste området ein har for ny utbygging av Hole hytteutleige.	Området ligg som LNF-formål. Dersom ikkje hytteområdet er knytt til landbruksdrift, bør det leggjast ut med formål fritid-/turisme.
13.06.2019	Iris og Arnfinn Westerås	Gnr./bnr. 116/1. Ønskeleg å omdisponere areal til næringsformål. Per i dag er det alt eksisterande restaurant, hytter/leilegheiter og parkering på arealet. Slik arealbruken er i dag er det ikkje mogleg ombygging av eksisterande bygning det det i dag blir drive turistnæring Det er ønskeleg å sikre areal som er rassikre i nærområdet. Dersom eksisterande bygningar blir tekne av ras, vil det vere moglegheit å byggje dei opp igjen på ras sikker grunn, eventuelt finne anna næringsverksemd i framtida for desse områda.	Det er ønskeleg å omdisponere om lag 24 daa. Rår til at areal som er bygd ut vert sett av til LNF der det er opna for spreidd næring, med utvidingsareal. Næringa bør vere knytt til landbruket, og ikkje som fritt næringsareal. Det er lag til rette for utvidingsareal utover eksisterande bygningsmasse, det er sett av om lag 7 daa som LNF med spreidd næring. Etter møte 21.06.2019 er det lagt inn dei to austlege ønska for areal som LNF – spreidd næring.
14.06.2019	Geir Gjørva	Gjørøyrane må no endeleg takast inn i planen med formål fritidsaktivitet for bygdafolk og besøkande. Gerianger er einaste bygda som ikkje har slik plass, noko som har vore etterlyst og fremja framlegg til i 40 år. På grunn av rasfare om vinteren er naturleg nok berre tenkt til sommarbruk, same sak var det framlegg om i reguleringsplanen for sentrumsområde. Kvannalssetra, tilhøyrande Gjørva og Ørjasæter, bør leggjast inn som kulturområde/beiteområde. Strekninga frå Gjørvahaugen til Flydalsnakken bør verte meir brukt som tursti. Bustadtomt i Gjørvahaugen i framlegg til reguleringsplan må flyttast lenger nord på grunn av terrengtilhøve og fare for utrasing.	Arealbruken innanfor områderegulering Geiranger er avklart, det er prosess for å få denne planen godkjent. Kvannalssetra ligg innanfor Geiranger - Herdalen landskapsvernområde, bruken av området ved Kvannalssetra er avklart der. Ligg som LNF. Endring av reguleringsplan bør skje i reguleringsplanprosessen.
14.06.2019	Geiranger idrettslag	I Geiranger er det nærast total mangel på fortau/gangvegar langs kommune og fylkesvegar. Det er heller ikkje så lett å få til. Det er difor svært viktig å leggje til rette for gangvegar der dette er mogleg. Geiranger IL kjem difor med framlegg om å lage til gangveg frå Hotell Geiranger til Vinje camping, vidare opp Kleiva og kryssing av fv. 63. Denne strekninga av råsa bør lyssettast. Dette er innteikna på kartet som ligg ved, også nokre snarvegar vidare opp som i dag er i bruk, er med i vedlegget. Dette kan også bli ei stort sett bilfri rundløype dersom ein går opp Fossevandringa, kryssar vegen enten ved Unionen Hotel eller framme ved Kopane (råsa ved Fjordsenteret og fram ti Kopane) og fyl ned den nye råsa som det er framlegg om. Frå Hotell Geiranger fyl råsa den gamle kløvstien opp til Mjelkeslett, vidare 60 m langs kommunal veg. Frå svingen ved Mjelkeslett må det bli ny rås opp på Vinjevollen. På Vinjevollen/Knøsthellaren har Geiranger skule ein bål plass. Skulen ville få ein mykje betre tilkomst til området. Vidare vil råsa gå langs med dyrka mark til brua over Vesteråselva. Her kryssar denne råsa opp til Vesterås. Komen vel over brua, kan ein gå råsa på elvebreidda langs dyrkamark til den møter sykkelbana som igjen fører inn på Vinje Camping.	Stiar blir lagt inn i plankartet og omtalt i planomtalen.
14.06.2019	Geiranger sjokolade AS	Det må leggjast til rette for nybygg/industriområde på gnr./bnr. 114/4. Det er stor nødvendighet for bedrifter i vekst i Geiranger for slike område der ein kan forme eit industriområde.	Ligg som LNF og delvis dyrka areal. Dersom areal mellom hus på gnr./bnr. 114/77 kan nyttast, og arealet kan reduserast litt, blir det tilrådd å leggje inn næringsareal. Bør leggje opp til felles avkøyrslle med bnr. 77.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Geiranger Bakeri AS	Det må leggjast til rette for nybygg/industrialområde på gnr./bnr. 114/4. Det er stor nødvendighet for bedrifter i vekst i Geiranger for slike område der ein kan forme eit industrialområde.	Ligg som LNF og delvis dyrka areal. Dersom areal mellom hus på gnr./bnr. 114/77 kan nyttast, og arealet kan reduserast litt, blir det tilrådd å leggje inn næringsareal. Bør leggje opp til felles avkøyrsløse med bnr. 77.
14.06.2019	Vegkulturgruppa	Vegkulturgruppa 63 er ei sjølvopnemnd gruppe av reiselivs- og kulturengasjerte personar. Dei siste 4 - 5 år har det vore årleg prosjekt, for det meste langs eller knytt til fv. 63 Geirangervegen. Prosjekt har til dømes vore gjenreisning av dei tradisjonelle myldehusa langs vegen og ny maling av merkesteinar og anna langs strekninga. Pågåande prosjekt er å sette i stand og merke den gamle kløvstien frå Hestebrehola til Djupvatn slik at den kan fungere som turveg i framtida. Det er i samarbeid med Nasjonal Turistveg og Verdsarvadministrasjonen om informasjon og merking. Melder behov for at strekning av den gamle kløvstien frå om lag 830 moh til 1000 moh blir teke inn i arealdelen.	Tilrådd å leggje inn kløvstien mellom Hestebrehola til Djupvatn som tursti.
14.06.2019	Geiranger utvikling AS	<p>Framtidig bustadareal Møllsbygda gnr./bnr. 112/8</p> <p>Geiranger utvikling AS har i samråd med eigaren utarbeidd skisse for utnytting av arealet til bustadformål med arbeidstittel Geiranger Eco village. Sidan det er knapt med trygg byggjegrund i Geiranger, er det ønskeleg å gå vidare med realisering. Ønskjer at det aktuelle området blir sett av til framtidig bustadareal. Arealet er sørvendt, rastrygt og solrikt med eit godt lokalklima. Området kan både bli brukt til bustadformål i kombinasjon småskala næringsverksemd.</p> <p>Areal for samferdsel og teknisk infrastruktur</p> <p>Det er ønskeleg å få utgreidd parkering i fjell med moglegheit for heissambinding (glasheis utvending på fjellfronten) frå sentrum til toppen av Vesteråsfjellet. Hei vil kunne avbøte manglande infrastruktur for motorisert ferdsel til Vesterås, korte inn gå distansen til Vesterås gard, attraksjonen Storseterfossen og utsiktspunktet Løsta. Den vil også kunne vere eit alternativ for dei som ikkje vil gå den nasjonale turiststien «Fosseråsa», (frå sentrum via Fossevandringa, Mørkja, Vesterås, Storseterfossen) begge vegar. Tanken er berre på idestadiet, avmerka areal vil gje vag peikepinn på trase. I utgangspunktet er heile fronten av Vesteråsfjellet aktuelt område.</p> <p>Generelt</p> <p>For ei bygd som Geiranger der turisme er hjørnesteinaktiviteten, med mål om fleire heilårsarbeidsplassar, er utviklingsarbeid viktig. Interessante prosjekt, store som små, kan bli lansert fortløpane. Det mest av arealet i Geiranger er LNF område og ein ber om at turist tilknytt næringsverksemd kan få ei eiga handsaming i slike område, eller at omgrepet gardstilknytt næringsverksemd kan få ei vidare tyding i Geiranger</p>	<p>Rår til å leggje inn begge tiltaka.</p> <p>Må vurdere å leggje inn LNF med spreidd næring i delar av Geiranger utanfor verdsarvområdet.</p>
14.06.2019	Geiranger bryggeri	Vurderer alternativ for utviding av Geiranger bryggeri. Held til i Geirangervegen 117, men om det skulle bli snakk om utviding, er nytt bygg naudsynt. Mogleg areal kan vere gnr./bnr. 17/4	Ligg som LNF og delvis dyrka areal. Dersom areal mellom hus på gnr./bnr. 114/77 kan nyttast, og arealet kan reduserast litt, blir det tilrådd å leggje inn næringsareal. Bør leggje opp til felles avkøyrsløse med bnr. 77.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
17.06.2109	Geiranger verdsarv	<p>Geiranger er einaste bygdesamfunn i Stranda kommune som ligg innafør verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap sine grenser. Det er ekstra forventningar om at planen som omtalar Geiranger skal styrke verdsarvstatusen og bevare unike verdsarvverdiar, samstundes som det skal gje rom for ei berekraftig utvikling av bygdesamfunnet. Det blir forventna at Stranda kommune legg nasjonale ambisjonar til grunn i planlegginga av arealdelen som ligg innanfor verdsarvgrensene. Her har kommunen sjanse til å ta ein viktig posisjon kring førebiletleg arealplanlegging.</p> <p>Busetting Bygda Geiranger har siste åra slite med fråflytting og lite tilvekst av faste innbyggjarar, noko som speglar det låge elevtalet ved Geiranger skule for tida. Familiar som har flytta ut av bygda har opplyst at det har vore vanskeleg å etablere seg meg eigen bustad i bygda. Per i dag finst det svært få tomter tilgjengeleg og det finst ikkje alternativ for unge å etablere seg med leilegheit eller mindre bueining, for å bere den store investeringa for å byggje eige hus. I samband med arbeidet med Masterplanen for Geiranger er ambisjonen til næringa og bygdesamfunnet ei dobling av folketalet, opp mot 400 innbyggjar, slik bygda har hatt tidlegare. For å klare dette må det setjast av langt meir areal til bustadføre mål. Dette er krevjande, det er mange forhold som utfordrar dette; ras, tsunami, flaumfare, verneomsyn, kulturlandskapsverdiar m.m.</p> <p>Følgjande må vurderast og takast inn i om busettingsføre mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Reguleringsplan Berget: Er maksimalt areal regulert inn, eller bør ein utvide dette område endå meir, eventuelt i kombinasjon med næringsareal? - Er det råd å utfordre sentral mynde når det gjeld byggjeforbod/sterke avgrensingar i område med fare for snøras? Er det mogleg å få på plass sikring som gjer areala frå Holebakk, Holebygda, Vinje, Kopane Unionen/NFS rastrygge? Det finst fleire dømer frå utlandet. Føresetnad er at tiltaka ikkje får konsekvensar for verdsarvstatusen. Dersom det er mogleg å gjere tiltak mot rasfaren, kan det frigjere mange nye og framtidige bustadtomter frå Norsk Fjordsenter og oppover bygda, heilt til Hotel Utsikten. - Møllsbygda bør ha fleire moglegheiter for bustad. Hyttetomta til Sparebanken Møre bør omregulerast til bustad (fleire einingar). Geiranger Utvikling og Sparebanken Møre er i dialog om utnytting av tomta til dette føremålet, om arkitekt har starta skissering. Potensielle område som bør sjekkast i høve bustad er synt i vedlegg. <p>Parkering, toalett og søppelhandtering Geiranger har til tider store utfordringar knytt til manglande infrastruktur som parkeringsplassar, busshaldeplassar og toalettanlegg, til tider må politiet tilkallast for dirigere trafikkaoset. Når kommunen skal planleggje må det takast høgde for framtidige behov, ta i bruk nye areal til dette. Dette er svært kritiske punkt i verdsarvbygda. Innspel knytt til dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ørnesvingen – bør utgreie om det kan nyttast for større parkeringsareal for Ørnesvingen utsiktspunkt. Må leggjast til rette for parkering, toalettanlegg og søppelhandtering. Frå parkeringsarealet bør det byggjast gangsti hengande på utsida av fv opp til utsiktsplatået, bli del av Ørnesvingen. Slik løysing med god skilting vil nå trafikken frå Geiranger, tilsvarande løysing ved Korsmyra. 	Rår til å leggje inn dei ulike områda som er innteikna, nye bustadområde, parkering og stiar/gangveg.

	<ul style="list-style-type: none"> - Flydalsjuvet, bør utgreiast om for større parkeringsareal for utsiktspunktet. Arealet vert kalla Strupeskolten, og parkering bør ligg bak fjellknausen. Mellom dette og eksisterande p-plass bør det byggjast gangveg (trapp) ned til dagens parkeringsareal. Ny parkering bør romme toalettanlegg, grunn for liten kapasitet i bygda, og søppelhandtering. Framlegg frå grunneigar, med føresetnad om inngjerding, for å hindre at besøkande nyttar området rundt til toalett. - Hole, bør utgreiast om for større parkeringsareal både for tilgjenge til turmål sin Vesterås, Løsta, Vesteråsfjellet, Storseterfossen, Laushornet og Grinddalen, Vinsåshornet, Holebakk, og for å avlaste vegen og parkering ute ved Vesterås gard. Denne vegen er ikkje eigna verken for buss eller bubilar. Nytt areal bør ha toalettanlegg og søppelhandtering og bør sjåast i samanheng med opprusting av vassverket. - Busshaldeplassar og parkering. Kommunen bør planlegge for busshaldeplassar (Sentrum – Opplendskedalen – sentrum – Ørnesvingen), parkeringsplassar/anlegg for bussar utanfor sentrum. Dette inkludert bruken av vintertunnelar på sommarstid til dette føremålet. <p>Turstiar, snarvegar, Kløvstien og friluftsområde Stiftinga driv eit viktig arbeid med å ta vare på, skilte, merke og leggje til rette for ferdsel i terreng. Følgjande bør sikrast i planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gangtrase mellom Berget bustadfelt og Norsk Fjordsenter/Fossevandringa - Vurdere friluftsområde mellom nye brannstasjonen og Norsk Fjordsenter og eventuelt mellom Berget bustadfelt og den nye brannstasjonen - Kløvstien mellom Geiranger og Skjåk må merkast i kartet, viktig historisk ferdselsåre - Overgangstur mellom Storesæterfossen til Holebakk og Hole (under utgreiing) - Alle eksisterande snarvegar/råser må inn på kartet - Råsa frå bustadfeltet Gjørvahaugen og opp mot Flydalsnakken - Sikre heile Fossråsa frå Geiranger sentrum, via Norsk Fjordsenter og opp Mørkja til Vesterås og vidare til Storsæterfossen. Råsa vil truleg få status som Nasjonal turiststi. Viktig at det i framtida kan vere rom for å leggje til rette for vidare utvikling denne attraksjonen, fokus naturvenleg <p>Det har kome framlegg om å forlenge Fossevandringa heilt opp til Flydalsjuvet, spennig og utfordrande, bør utgreiast, føresetnad at det ikkje kjem i konflikt med verdsarvstatusen</p> <p>Fjellheis med utgang Vesterås Det teikna inn større parkeringsanlegg i sentrum av Geiranger i områdeplan Geiranger sentrum. I samband med dette anlegget bør det vurderast utgreiing om innvending fjellheis opp til Vesterås, for å frakte folk på ein skånsam måte.</p> <p>Næringsareal For å oppnå vekst, må det vere utvikling av næringane i bygda. Dei viktigaste næringane er reiseliv og landbruk. Kommunen må vurdere følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må finnast areal til landbruksbygg (fjøs og produksjonslokale) i verdsarvområdet. Bevaring av kulturlandskapet er viktig oppgåve, og då trengs det fleire dyr på beite, i bygda, nedlagde setre og fjordgardar. - Er det råd å utvide Berget bustadfelt med næringsareal? Småskala produsentar har behov for næringsbygg til produksjon og lager. 	<p>Tilrår å leggje inn formål som kan nyttast for utvikling av prosjektet ART village.</p>
--	--	--

		<p>- For egedomen gnr./bnr. 111/2 kjem det framlegg om avgrensing av prosjektet ART village /Artist in residence - utbygging av kunstnarbustadar i samband med utvikling av eit kunststudio o fjøsen/låven, i samråd med grunneigar og arkitekt. Det må gjerast grundig sjekk av framlegg til arealbruk. Hovudpoenget var å peike på sentrale behov for bygda no og i framtida, og vonar at kommunen vil ta ein førarposisjon i å finne framtidsretta og innovative løysingar for bygda.</p>	
--	--	--	--

Sunnylven

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
07.06.2019	Langøyli hytteforening	<p>Dagens vegkryss mellom fv. 60 og kommunal veg ligg i uoversiktleg sving på fv. 60. Dei som ikkje er kjend i området vil ikkje oppdage krysset før ein faktisk passerer det. Frå krysset er det frisikt i heile vegbreidda i berre 60 m i 80 km/t sone. Vidare vestover er det frå svingen ei lang og oversiktleg strekning. Erfaring med at det høg fart i området og i tillegg skrånar den kommunale vegen bratt ned på fv 60, slik at det er fare for å skli ukontrollert ut i vegbana når føret er glatt. Hytteforeninga har lenge sett at dette krysset kan føre til alvorleg trafikkskade/dødsfall. Sidan 2005 er det teke mange initiativ overfor kommunen for å få lagt om dette krysset.</p> <p>Det faste planutvalet gjorde vedtak 02.07.2015 om varig dispensasjon for nytt vegkryss til Langøyli på Hellesylt til området ved avkøyring til Hyttehola skytebane. Vegvesenet var positiv. Det er i dag 19 hytter i hyttefeltet og det er planar om å byggje fleire hytter dei næraste åra. Feltet er godkjent for 40 hytter og det er arbeid med å utvide feltet for å leggje til rette for 6 nye hytter. I tillegg er det grasproduksjon på gardsbruka i Langøyli. Samla sett er det difor ein betydeleg trafikk som nyttar det farlege krysset mellom fv 60 og kommunale vegen.</p> <p>Ber om at det ver innarbeid nytt kryss mellom fv 60 og den kommunale vegen til gardsbruka og ny vegtrase fram til brua over Langedalselva</p>	Ny vegtrase blir lag inn i plankart. Usikkert når vegen blir bygd.
13.06.2019	Iris Fivelstad	<p>I samband med vidare satsing på reiseliv har ein snakka mykje om å auke verdiskaping i reiseliv, eller såkalt kvalitetsturisme.</p> <p>I hovudsak ønskjer ein færre gjestar som generer større verdi lokalt. Ofte er det snakk om naturbasert reiseliv, der friluftsliv står i fokus som oppleving for turisten. Det vert større fokus på klimaavtrykket globalt, lokalt, økonomisk berekraft.</p> <p>Ein må vere klar over og førebudd på at større selskap vil nytte seg av allmennretten som er særskilt for Norge og at trykket frå friluftslivsturisme kan auke. Tilrår god dialog med Bonde- og småbrukarlaget, lokale turlag og aktørar som Uteguiden, Norgesguidane, DNT for å prøve å føresjå kvar det bør planleggjast infrastruktur for parkering, boss og toalett. Vi har alt ei naturbasert næring i Noreg, bøndene og der er utmarksbeite ein viktig del av ressursgrunnlaget.</p> <p>Auka friluftsturisme kan vere ei viktig attåttnæring for bønder, det kan på forskjellege vis gje ekstra inntekter, gjennom utleige av fritidsbustadar, parkeringsavgift, utleige av sykklar, båtar og fiskeutstyr, men kan også blir ei kjelde til friksjon: villparkering på dyrka mark, forsøpling av dyrka mark og innmark/utmarksbeite, smittefare, manglande respekt for bandtvang, manglande respekt for privatliv i gardstun.</p> <p>Auka friluftsturisme er og «Nærturisme» og dagsturbasert besøk.</p> <p>Nasjonalt har vi prosjekt «Nasjonale turstiar» - der det spesielt blir lagt til rette for infrastruktur.</p> <p>Kanskje vi bør prøve å føresjå dei kommunale turiststiane, og planlegge areal for parkering, toalett og søppel, betre merking og informasjon?</p> <p>Parkering, toalett og søppel - 3 store friksjonsområde som må løysast for reiselivet.</p>	Teke til vitande. Vil ta kontakt med nemnde aktørar for å få innspel. Det blir lagt inn parkeringsareal forskjellege stadar retta mot friluftsliv. Innanfor formålet er det opna for at det kan opparbeidast toalett og boss.

Dato	Namn	Utdrag merknad	Vurdering
14.06.2019	Lars Ljøen	<p>Ber på vegne av eigar av gnr./bnr. 93/3 om at formål for garden vert endra frå LNF til blanda formål som:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fritid- og turistformål • Fritidsbusetnad • Tenesteyting <p>Bakgrunn for dette er ønskjer om å skilje ut hyttetomter, drive utleige av hytter/overnatting, camping og serveringsstad for turisme. Dette samsvarar med fleire av strategimåla til arealdelen, jamfør samfunnsplanen</p>	<p>Det er starta opp arbeid med regulering av dette området, dette området blir del av eit større område. Området ligg inne i kjerneområde landbruk - kulturlandskap. Området ligg inntil landskapsvernområdet Geiranger - Herdalen. Rår til at området blir omdisponert til turisme og fritidsbusetnad, kombinasjonsformål.</p>